

Innverknad av vaksine og vasstemperaturar ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase på virvelmineralisering og danning av virveldeformasjonar hjå atlantehavslaks (*Salmo salar* L.) haustsmolt

Ane Grini



**Master i natur, helse og miljøvern spesielt tilrettelagt for bioingeniørar, 60 studiepoeng
Utført ved Havforskningsinstituttet i Matre**



Tittel:	Innverknad av vaksine og vasstemperaturar ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase på virvelmineralisering og danning av virveldeformasjonar hjå haustmolt av atlanterhavslaks (<i>Salmo salar</i> L.)
Nøkkelord:	Ryggvirvlar, deformasjonar, kompresjonar, mineralisering, vekst, vasstemperaturar
Forfattere/	Ane Grini
Studentnr.:	050401
Fagkode:	
Oppgavetype:	Mastergrad
Studiepoeng:	60
Studium:	Master i natur, helse og miljøvern spesielt tilrettelagt for bioingeniørar
Konfidensiell:	



Forord

Dette studiet vart utført ved Havforskningsinstituttet i Matre, og vart finansiert av faggruppereproduksjon og vekst.

Først og fremst vil eg gjerne takke Per Gunnar Fjelldal ved Havforskningsinstituttet for å ha skaffa til vege oppgåva for meg, og for å ha vert ein fantastisk rettleiar. Han har ikkje berre vert ein utruleg kjelde til informasjon og alltid tatt seg tid til å svare på spørsmål, men har òg vert ein sann inspirasjonskjelde. Hans alltid positive syn på ting, og grundige innsikt i arbeidsfeltet, har vert ein stor støtte gjennom dei to åra eg har vert på forskingsstasjonen.

Ein stor takk går til Tom Hansen som har tatt seg av alt det økonomiske ved forsøket, gjort det mogleg for meg å dra på møter og konferansar, og lest og kommentert oppgåva mi.

Eg vil òg takke Arne Berg og Frode Oppedal som har vert behjelpelige med statistiske problem. Eg har og satt stor pris på all hjelpa eg har hatt frå Per Gunnar Fjelldal, Arne Berg, Tom Hansen, Karen Såtendal, Lise Dyrhovden og Grethe Torsheim ved prøveuttaka. Takk til alle tilsette ved Havforskningsinstituttet i Matre for å ha gitt meg eit godt arbeidsmiljø.

Ekstra varme tankar går til Ida Lillefjord, Frode Oppedal, Per Gunnar Fjelldal og Grethe Urdal for å tatt så godt i mot meg frå første dag i Matre, og for å ha vert så gode vener i tida etter det. Takk òg til Ulla Nordgarden, Jannicke Vigen, Mette Remen og Marita Larsen, som har skapt eit godt miljø på brakka.

Til slutt vil eg gjerne takke Jan Heggenes, som har vert min rettleiar ved Høgskulen i Bø i Telemark, og som kommenterte det siste utkastet av oppgåva.

Matre, 17. Juni 2008, Ane Grini

Innhald

Forord.....	1
Samandrag.....	5
1 Innleiing.....	6
1.1 Livssyklus og smoltifisering hjå atlanterhavslaks	6
1.2 Styring av vekst og smoltifisering i oppdrettsnæringa	6
1.3 Vaksinerings.....	7
1.4 Ryggsøyle og ryggvirvlar	8
1.5 Ryggdeformasjonar.....	9
2. Material og metode.....	12
2.1 Fiskestamme og oppdrettsforhold før forsøksstart.....	12
2.2 Eksperimentelt oppsett.....	12
2.3 Oppdrettsforhold ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase.....	14
2.4 Oppdrettsforhold i merd.....	14
2.5 Prøveuttak	15
2.6 Røntgenfotografering og analysing av virvelmorfologi.....	16
2.7 Måling av mineralinnhald og estimering av proteininnhald i virvlar	18
2.8 Måling av kalsium og fosfor i virvlar	18
2.9 Måling av kalsium og fosfor i serum	19
2.10 Statistiske analysar	19
3. Resultat	22
3.1 Vekst.....	22
3.1.1 Vekst under smoltifisering og tidleg sjøvassfase	22
3.1.2 Lengd, vekt og kondisjonsfaktor ved avslutning av forsøket.....	27
3.2 Mineralisering under smoltifisering og tidleg sjøvassfase.....	29

3.2.1 Mineralinnhald, mineralvektauke og proteinvektauke i virvlar	29
3.2.2 Kalsium og fosforinnhald i virvlar	32
3.2.3 Kalsium i serum	34
3.2.4 Fosfat i serum	36
3.3 Ryggvirvelmorfologi	38
3.3.1 Intervertebralrom og samanheng mellom intervertebralrom og mineralinnhald i virvlar	38
3.3.2 Lengd/diameterforhold og samanheng mellom lengd/diameterforhold og mineralinnhald i virvlar	44
3.4 Deformasjonar	49
3.4.1 Virveldeformasjonar ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase	49
3.4.2 Deformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring	52
4. Diskusjon	57
4.1 Metodediskusjon	57
4.1.1 Temperatur	57
4.1.2 Oksygen og pH	57
4.1.3 Måling av vekstparameter	58
4.1.4 Måling av mineralinnhald i ryggvirvlar	59
4.1.5 Måling av kalsium og fosfat i virvlar	60
4.1.6 Måling av kalsium og fosfat i blodprøvar	60
4.1.7 Deformasjonsundersøking, måling av lengd/diameterforhold og intervertebralrom	61
4.2 Resultatdiskusjon	62
4.2.1 Vasstemperaturen påverka veksten i ferskvatn, men ikkje i tidleg sjøvassfase	62
4.2.2 Mineralinnhaldet sank gjennom heile den eksperimentelle perioden, spesielt i den tidlege sjøvassfasen	63
4.2.3 Store intervertebralrom og små lengd/diameterforhold i virvlane korrelerte med dårleg mineraliserte virvlar	68

4.2.4 Temperaturregime var viktigare enn vaksinasjon på deformasjonsdanninga i virvlar	70
4.2.5 Samanfatta diskusjon	73
5. Referanseliste	75
Appendiks A: Eksperimentelt design	83
Appendiks B: Rådata	86
Virvelmorfologi.....	86
Deformasjonar	87
Appendiks C: Statistiske testar.	89
Vekst.....	89
Mineral	97
Virvelmorfologi.....	108
Deformasjonar	118
Appendiks D: Test av ulike avfeittingsmetodar	122

Samandrag

I oppdrett av atlantehavslaks er deformasjonar i ryggøyla tidvis eit stort problem, spesielt hos haustsmolt. Deformasjonane fører til kvalitetsmessig nedgradering av fisken og problem i fileteringsprosessen. Dette forsøket undersøkte korleis vass temperaturar under smoltifisering og tidleg sjøvassfase i interaksjon med inter-peritoneal vaksinasjon med en oljeadjuvant vaksine, påverka mineralisering og utvikling av deformasjonar i ryggvirvlar hjå haustsmolt. Haustsmolt vart oppdretta ved 16 °C og 10 °C dei siste seks vekene i ferskvatn (FV) og dei første seks vekene i saltvatn (SV), ved kontinuerleg lys i kar. Deretter vart fisken overført til naturleg lys i merd. Forsøket bestod av 4 temperaturregime (10 °C FV – 10 °C SV, 10 °C FV – 16 °C SV, 16 °C FV – 10 °C SV, 16 °C FV – 16 °C SV), med vaksinert og uvaksinert fisk i kvart regime. I løpet av ferskvassperioden (smoltifisering) hadde fisk ved høg temperatur raskast vekst og utvikla lågast mineralinnhald i virvlane. Under dei første seks vekene i saltvatn hadde fisk ved 16 °C og 10 °C lik vekst, og alle temperaturregima hadde mellom 10 % og 15 % reduksjon i mineralinnhaldet i virvlane. Radiologiske undersøkingar ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring syna at verken temperatur eller vaksinasjon hadde gitt ein signifikant effekt på utvikling av virveldeformasjonar ved desse tidspunkta. Palpering 42 veker etter sjøvassoverføring viste derimot at fisk som hadde fått 16 °C i den tidlege saltvassfasen hadde signifikant høgare innslag av individ med ytre teikn på virveldeformasjonar samanlikna med fisk som hadde fått 10 °C i den same perioden (høvesvis gjennomsnittleg 17,9 % mot 2,9 % for uvaksinert fisk og 22,8 % og 2,8 % for vaksinert fisk). Dei hadde òg signifikant høgare innslag av deformert fisk basert på røntgenundersøking (høvesvis 92,7 % mot 46,1 % for uvaksinert fisk og 89,1 % mot 52,9 % for vaksinert fisk), og signifikant fleire deformerte virvlar per deformert fisk. Det var ingen samanheng mellom mineralinnhaldet i ryggvirvlane seks veker etter sjøvassoverføring og innslaget av virveldeformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring, og heller ikkje mellom veksthastigheita i den tidlege sjøvassperioden og innslag av virveldeformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring.

Forsøket synar at vass temperaturen dei første seks vekene etter sjøvassoverføring er svært kritisk med tanke på ein normal utvikling av rygggraden hos haustsmolt, og at inter-peritoneal vaksinasjon med olje-adjuvant vaksine ikkje påverkar utvikling av virveldeformasjonar.

1 Innleiing

1.1 Livssyklus og smoltifisering hjå atlanterhavslaks

Atlantehavslaksen (*Salmo Salar* L) er ein anadrom beinfisk. Han veks opp i ferskvatn, der han oppheld seg i eitt til seks år (e.g. Metcalfe & Thorpe, 1990), før han gjennomgår ei rekke endringar som preadapterer han til eit marint liv. Endringane, som vert kalla smoltifisering, eller parr-smolt transformasjon, er både fysiologiske, morfologiske og åtferdsmessige (e.g. Hoar 1988). Endringane fiskane gjennomgår ved smoltifisering involverer blant anna at fiskane byrjar å symje med straumen (Folmar & Dichoff, 1980) og går over frå å vere botnlevande fisk til å bli pelagiske (Folmar & Dichoff, 1980, Hoar 1988). Parrmerkene, som er sterkt farga fingeravtrykkliknande pigmentflekker, forsvinn og fiskane får sølvfarga sider, mørk rygg og kvit buk. Kroppen vert slankare og meir straumlinjeforma (Hoar, 1998) ved at nedbrytinga av feitt aukar (Hoar, 1998) og at virvelsøyla til fiskane veks meir i haleregionen enn i bukregionen (Fjellidal et al., 2006). Fiskane utviklar hypo-osmoregulering, blant anna ved hjelp av auka Na⁺, K⁺- ATPase aktivitet over gjeller og tarm (Folmar og Dichoff, 1980). Igangsetjinga av parr-smolt transformasjonen vert styrt av endogene rytmar som vert synkronisert av ytre miljøfaktorar. Endring i daglengda er den viktigaste miljøfaktoren (e.g. Duston & Saunders, 1990), og laksen smoltifiserer slik at han kan vandre ut i saltvatn ein gong om våren (Hoar, 1988). I sjøen har atlantehavslaksen god tilgang på føde, og veks raskt. Etter eitt til tre år byrjar fiskane å bli kjønnsmodne (Klemetsen et al., 2003) og vandrar tilbake til fødeelva si for å gyte (Døving, 1992).

1.2 Styring av vekst og smoltifisering i oppdrettsnæringa

I oppdrett vert atlantehavslaksen heldt i kar fram til han er ferdig smoltifisert. Vekstraten i ferskvassfasen vert kontrollert ved hjelp av temperatur (Johnston & Saunders, 1981, Dwyer & Piper, 1987, Austreng et al., 1987, Solbakken et al., 1994), lys (Berg et al., 1992, Solbakken et al., 1994), avl (Gjedrem, 2000) og førsamansetjing (Grisledal-Helland & Helland, 1997). Tida frå befrukting av rogn til startfôring er avhengig av talet på døgngrader, og kan kortast kraftig ned ved å bruke høgare vass temperaturar (Hansen et al., 1998 c). Ved startfôringa om våren vert yngelen oppdretta under kontinuerleg lys (Berg et al., 1992) og ofte høge temperaturar (Hansen et al., 1998 b) for å auke veksten. Fiskene vert deretter oppdretta ved eitt av to lysregime for å produsere enten vårsmolt eller haustsmolt. Vårsmolten vert oppdretta ved naturleg lysregime frå sommaren eller tidleg på hausten, og smoltifiserer vanlegvis i mai påfølgjande år (Hansen et al., 1998 a). Haustsmolten vert derimot gitt ein kunstig vinter- og vårperiode, og smoltifiserer hausten same året som den vart klekt. Den


kunstige vinter- og vårperioden består vanlegvis av ca seks veker med 12 timar lys og 12 timar mørke per døgn og deretter ca seks veker med 24 timar lys per døgn (Bjørnsson et al. 2000). Når laksen er ferdig smoltifisert, vert den overført til merd i saltvatn, der matfisk produksjonen føregår. Avl (Gjedrem, 2000), førsamansetning (Grisdale-Helland og Helland, 1997), bruk av tilleggslys om vinteren og våren (Oppedal et al., 1997; 2005) og vass temperaturar ved oppdrett i lukka merder (Austreng et al., 1987, Handeland et al., 2008) kan brukast til å påverka veksten i matproduksjonen. Haustmolten, som smoltifiserer ca 7 månader før vårsmolten, veks raskare enn vårsmolten både under smoltifiseringa og den tidlege sjøvassfasen (Lysfjord et al., 2004, Fjellidal et al., 2006). Dei fleste settefiskanlegga i Noreg produserer både vårsmolt og haustmolt (Stefansson et al., 2005), og det vart i 2005 estimert at det vart satt ut ca 106 millionar vårsmolt og ca 56 millionar haustmolt i norske matfiskanlegg (Kjønhaug, 2006).

1.3 Vaksinerings

Merder er opne for det akvatiske miljø, og fiskane vert eksponert for patogener i sjøvassfasen. Grunna høg individtettleik og enkel vassboren transport, spreier sjukdomar seg lett i intensiv oppdrett (Sommerset et al., 2005). Vaksinerings er den viktigaste måten å førebygge mot infeksjonssjukdomar som t.d. furunkulose, IPN og vibrose (Berg et al., 2006 b), og er i dag ein integrert del i dei fleste lakseoppdrettsanlegga i Nord Europa og Nord Amerika (Sommerset et al., 2005). Laksen kan praktisk sett vaksinerast frå han er 20-30 g fram til fire veker før sjøvassoverføring, men det vert anbefalt å inkludere faktorar som temperatur og fiskestorleik med i planlegginga av vaksinerings tidspunkt (Berg et al., 2006 a). Den mest brukte metoden for å vaksinere laks på er ved injeksjon i bukhola (Berg et al., 2006 b). Det er vanleg å blande saman vaksiner mot fleire patogener til ei kombinasjonsvaksine (Berg et al., 2006 b). For å gi tilfredsstillandes vern mot ein del sjukdomar, som t.d. furunkulose, må vaksinen tilsettast olje-adjuvans (Midtlyng, 1996 a; b; c). Adjuvans er hjelpestoff som stimulerer til ein betre immunrespons etter vaksinerings. Bruken av olje-adjuvans tilsett vaksine mot furunkulose har ført til fleire biverknadar, blant anna skader på injeksjonsstaden (Midtlyng, 1996 a), intra-abdominale skader (Midtlyng et al., 1996 b; c) og redusert appetitt og vekst den første perioden etter vaksinerings (Midtlyng et al., 1996 a, Sørnum & Damsgård, 2004, Berg et al., 2006 a). I tillegg kan feil vaksineringsstrategi auke risikoen for utvikling av deformasjonar i virvelsøyla (Berg et al., 2006 a). Skjelettdeformasjonar i rygg søyla er tidvis eit stort problem, både etisk og økonomisk. Deformasjonane fører til kvalitetsmessig nedgradering av fisken, og skaper dessutan problem i fileteringsprosessen (Helland et al, 2005). Både av økonomiske og velferdsmessige grunnar, er det difor viktig å finne kva faktorar som påverkar deformasjonsdanninga.


1.4 Ryggstøyle og ryggvirvlar

Ryggstøyle til atlantehavslaks består av 58-60 ryggvirvlar (Kacem et al., 1998), som vert halde saman ved hjelp av intervertebralligamentar (Nordvik et al., 2005). Virvlane er av beinvev, nærmare bestemt tre lag med kompakt bein og eit lag trabekulært bein. Det kompakte beinet dannar ein timeglasfasong som er innhol både framme og bak, og har eit holrom sentralt (Fig. 1). Dette gir virvlane ein låg beinmasse, noko som er viktig for å redusere negativ oppdrift (Casadevall et al., 1990). Ryggstrengen fyller holromma mellom virvlane, går gjennom opninga sentralt i virvlane og dannar eit samanhengande band gjennom heile ryggstøyle (Kryvi & Totland, 1997, Grotmol et al., 2003). Vevet fungerer som støytputer mellom virvlane (Kryvi & Totland, 1997). Det trabekulære beinet ligg omkring timeglasaset og gir virvlane ei sylindrisk form (Fig. 1) (Nordvik et al., 2005).



Figur 1: Bilete av ryggvirvlar frå atlantehavslaks frå sida (A) og forfra (B). (A) Stjerne markerer trabekulært bein, og kryss markerer kompakt bein. Svarte pilar peikar på randen av det kompakte beinet der lengdeveksten foregår. (B) Svart pil utan fyll peikar på holet ryggstrengen går gjennom.

Ryggvirvlane kan delast inn i fire regionar etter kriterium frå Kacem et al. (1998). Dei fire regionane er høvesvis fremre bukregion (region 1, virvel 1-8), bakre bukregion (region 2, virvel 9-30), fremre haleregion (region 3, virvel nr 31-49) og bakre haleregion (region 4, virvel 50-58) (Fig. 2). Bukregionane er plassert over bukhola og har ribber. Haleregionane ligg bak abdomen og hemalbogane har vakse saman. I tillegg har virvlane i fremre bukregion og bakre haleregionen skarpe morfologiske variasjonar, t.d. i lengd, diameter og tørrvekt, medan virvlane i bakre bukregion og fremre haleregion er meir homogene (Kacem et al., 1998).



Figur 2: Røntgenfotografi av laks. Biletet illustrerer dei fire regionane i ryggstøyla; R1: fremre bukregion, R2: bakre bukregion, R3: fremre haleregion og R4: bakre haleregion.

Beinvevet er samansett av ein organisk matriks, mineral, og beinceller (Meunier, 2002). Den organiske matriksen består hovudsakleg av kollagenfibre, som ligg ordna i ulike retningar i dei forskjellige laga (Nordvik et al., 2005). Mineraldelen i virvlane består hovudsakleg av kalsium og fosfat (Meunier, 2002). I tillegg finn ein små mengder natrium, magnesium og kalium og ein del spormetall. Den presise samansetjinga av krystallane i ryggvirvlane er ikkje kjent, men blir antatt å vere ein urein og meir eller mindre kalsiumrik form av hydroxyapatitt, $\text{Ca}^{2+}_{10}(\text{PO}_4^{3-})_6(\text{OH})_2$ (Hamada et al., 1995). Beincellene ein finn i virvlane er osteoblastar, osteocytter (Nordvik et al., 2005) og osteoclastar (Martens et al., 2008).

Dei to innarste laga av kompakt bein i virvlane vert danna ved mineralisering av kollagenrikt vev i og rundt ryggstrengen. Det trabekulære beinet derimot, og hovuddelen av det kompakte beinet, vert bygd opp gjennom direkte forbeining. På det trabekulære beinet er vekstsonene hovudsakleg plassert på dei ytste delane av beinet, medan dei er plassert på den fremre og bakre randen av det kompakte beinet (Fig. 1) (Nordvik et al., 2005). Den direkte forbeininga skjer ved at osteoblastar produserer og skil ut osteoid, som seinare vert mineralisert (Meunier, 2002, Witten et al., 2005) ved multiple mineraliseingsseter på kollagenfibrane (Lee & Glimcher 1989, Landis et al., 1996). Osteoidet er i seg sjølv mjuk og bøyeleg, og den mekaniske styrken i beinet er avhengig av mineralinnhaldet (Fjelldal et al., 2006).

1.5 Ryggdeformasjonar

Skjelettdeformasjonar opptre både i oppdrettsfisk og villfisk. Gill og Fisk (1966) rapporterte at omtrent 3 % av villfanga sjøvassmigrert stillehavslaks (tre artar undersøkt; *Oncorhynchus nerka*, *O. gorbuscha* og *O. keta*) syna deformerte virvlar ved røntgenfotografering, medan Fjelldal et al. (2006) ikkje fann nokon virveldeformasjonar blant 21 villfanga atlanterhavslaks. I oppdrettsanlegg frå Hardanger til Helgeland derimot, gav t.d. 2000-årsklassen med atlanterhavslaks ein

nedklasseringsrate grunna ryggdeformasjonar på 7,5 % (Djupvik, 2005). Basert på radiologiske undersøkingar av oppdrettslaks, har ulike studium vist ein prevalens av individ med deformerte ryggvirvlar på rundt 12 % omtrent eit år etter sjøvassoverføring (Witten et al., 2006, Fjellidal et al., 2007 a). Ved ytre undersøkingar ser ein berre dei mest alvorlege tilfella av virveldeformasjonar (Fjellidal et al., 2006). Desse kan sjåast som enten kurvaturar (Fjellidal et al., 2004, Wargelius et al., 2005) eller forkorting av ryggsøyyla i hovud-haleretninga (Kvallestad et al., 2000, Witten et al., 2005).

Utviklinga av deformasjonar kan starte gjennom heile livet til laksen (Wargelius et al., 2005, Witten et al., 2006, Fjellidal et al., 2007 a). Abnormale endringar i virvlar kan gi utslag i kompresjonar (Kvallestad et al., 2000, Berg et al., 2006 a, Fjellidal et al., 2006; 2007 a, Witten et al., 2005; 2006), ankyloser (Kvallestad et al., 2000, Fjellidal et al., 2006; 2007 a, Witten et al., 2006), dislokasjonar (Fjellidal et al., 2006; 2007 a, Sullivan et al., 2007 a) og kombinasjonar av desse (Fjellidal et al., 2006; 2007 a, Witten et al., 2006). Komprimerte halevirvlar er den hyppigast førekommande deformatsjonen hos oppdretta atlantehavslaksen (Witten et al., 2005, Berg et al., 2006 a; Fjellidal et al., 2008). Fisk med forkorting i bakre halvdel av ryggsøyyla vert kalla korthalar. Korthalar har høg kondisjonsfaktor, dvs redusert lengde i forhold til vekt, og auka kroppshøgde (Witten et al., 2005). Dei komprimerte virvlane er karakterisert av ein normal midtre del og abnormale endringar i fremre og bakre kant, der det kompakte beinet flater ut i staden for å behalde timeglasforma (Witten et al., 2005, Berg et al., 2006 a). Ulike studium indikerer at kompresjonar kan starte med endringar i vekstsona til det kompakte beinet (Fjellidal et al., 2006; 2007b), med endringar i det intervertebrale rommet (Kvallestad et al., 2000, Witten et al., 2005) eller med begge deler (Witten et al., 2005). Endringa i vekstsona til det kompakte beinet kan vere relatert til mjukt og dårleg mineralisert bein (Fjellidal et al., 2006; 2007 b), eller endra mekanisk belastning (Witten et al., 2005). Ankyloser er samanveksing av to eller fleire virvlar. Dette involverer både endring i vekstsonene til virvlane, og omdanning av det geleaktige ryggstrengvevet i intervertebralromma til brus som seinare vert mineralisert (Witten et al., 2006). Komprimerte virvlar vert enten meir komprimerte eller utviklar seg til ankyloser over tid (Fjellidal et al., 2007 a). Ankyloser kan og forverre seg over tid. Dette skjer ved at nabovirvlane til ankylosane vert dratt med i samanveksinga. På den andre sida er det og blitt vist at ankylosane kan bli remodelert til ein strukturelt sett normal virvel med fleire neuralboger (Witten et al., 2006). Dislokerte virvlar har vist seg å kunne gi opphav til kompresjonar og ankyloser over tid (Fjellidal et al., 2007 a).

Det har blitt utført mange studium for å finne årsakene til deformatsjonsdanninga hjå oppdretta atlantehavslaks. Fleire risikofaktorar har blitt påvist i tidlegare forsøk. Desse faktorane inkluderer blant anna genetisk disposisjon (McKay & Gjerde, 1986), inkubering av rogn ved høge

vasstemperaturar (Wargelius et al., 2005), liten smolt (Vågsholm & Djupvik, 1998), fosformangel (Bæverfjord & Åsgard, 1998, Vielma & Lall, 1998, Fjelldal et al., 2008), vaksinerings (Vågsholm & Djupvik, 1998, Berg et al., 2006 a) og bruk av haustsmolt (Fjelldal et al., 2006). Ved vaksinerings med olje-adjuvant vaksine er det t.d. vist at fiskestorleik og tidspunktet for vaksinerings er viktig (Vågsholm & Djupvik, 1998, Berg et al., 2006 a). Vasstemperaturen i den første perioden etter vaksinerings er òg blitt foreslått som ein miljøfaktor som kan påverke vaksineeffekten på deformasjonsdanninga hjå atlantehavslaks (Berg et al., 2006 a; b). Både felt- og eksperimentelle studiar har vist at det er ein høgare frekvens av ryggdeformasjonar hos laks produsert som haustsmolt enn som vårs smolt (Djupvik, 2005, Fjelldal et al., 2006). Det har òg blitt vist at haustsmolt har lågare mineralinnhald og mekanisk styrke i virvlane enn vårs smolt, og at det er ein signifikant korrelasjon mellom desse parameterane (Fjelldal et al., 2006). Vidare har Fjelldal et al. (2008) vist at eit suboptimalt mineralinnhald i dietten i den tidlege sjøvassperioden gir låg virvelstyrkje og lågt mineralinnhald i virvlane, og fører til utvikling av virvelkompresjonar i haleregionen hjå haustsmolt. I sambinding med det låge mineralinnhaldet som Fjelldal et al. (2006) fann i virvlane til haustsmolten, vart det òg funne høge plasmakonsentrasjonar av kalsium og fosfat. Då fleire forsøk har vist at mineralinnhaldet i plasma varierer med mineralinnhaldet i dietten (Vielma & Lall, 1998, Fjelldal et al., 2008) kan dette kan moglegvis skuldast auka mineralopptak frå diett og vatn i eit forsøk på å auke beinmineraliseringa, eller det kan vere eit resultat av auka beinremodellering hjå haustsmolt. Mineralinnhaldet i blodprøvar kan difor vere interessant i forbinding med å studere mineralbalansen og mineralopptaket til laks. Haustsmolt har høgare vasstemperatur enn vårs smolt både under smoltifisering og i den tidlege sjøvassfasen, og veks difor hurtigare enn vårs smolt i desse periodane. Det er difor mogleg at den høge deformasjonsraten hjå haustsmolt òg kan skuldast den raske veksten i dette tidsrommet (Fjelldal et al., 2005). Korleis vasstemperatur under smoltifisering og tidleg sjøvassfase påverkar utviklinga av virveldeformasjonar har ikkje vore undersøkt eksperimentelt, og heller ikkje korleis vaksinasjon verkar inn på dette.

Måla med dette forsøket var difor å undersøke i eit kontrollert eksperiment korleis vaksinasjon i kombinasjon med ulike temperaturregime gjennom smoltifisering og tidleg sjøvassfase påverkar (i) virvelmineralisering og mineralbalanse; (ii) virvelmorfologi og vekstmønsteret til virvelsøyla; og (iii) utviklinga av virveldeformasjonar.

2. Material og metode

Temperaturforsøket med haustsmolt av atlantehavslaks (*Salmo salar L.*) vart utført ved Havforskningsinstituttet i Matre, frå 04.09.2006 til 21.08.2007. For å belyse korleis vaksine i kombinasjon med ulike temperaturar påverka (i) virvelmineralisering og mineralbalanse; (ii) virvelmorfologi og vekstmønsteret til virvelsøyla; og (iii) utviklinga av virveldeformasjonar, vart tetraplikate grupper med vaksinert og uvaksinert haustsmolt oppdretta ved ulike temperaturregime gjennom dei 6 siste vekene før overføring til saltvatn og dei 6 første vekene etter overføring til saltvatn, og deretter oppdretta under like miljøforhold fram til slaktestorleik. Virvelmineralisering og mineralbalanse vart undersøkt under smoltifisering og tidleg sjøvassfase ved å måle mineralinnhald og kalsium og fosfor i virvlar, og kalsium og fosfor i serum. Virvelmorfologi og vekstmønster av virvelsøyla vart undersøkt ved å måle virvellengd, forhold mellom lengd og diameter på virvlane og storleik på intervertebralromma både ved smoltifisering, tidleg sjøvassfase og slakt. Utvikling av virveldeformasjonar vart undersøkt ved hjelp av røntgenundersøking ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase, og ved hjelp av palpering og røntgenundersøking ved slakt.


2.1 Fiskestamme og oppdrettsforhold før forsøksstart

Atlantehavslaksen som vart brukt i forsøket var av Mowi-stamme (FoMAS, 2006) frå Marin Harvest på Tysnes. Rogna vart inkubert på temperaturar mellom 2,4 – 7,9 °C. Fisken vart klekt i tidsrommet 03.02.06 - 10.02.06, og sett på startfôring 15.03.06. Fisken vart fôra til metting med vanleg kommersielt fiskefôr (appendiks A; Tab. A1). Etter ein vekstperiode på sju veker med kontinuerleg lys, fekk parren ein kunstig vinterperiode med 12 timar lys og 12 timar mørke. Vinterperioden varte i ni veker, fram til forsøksstart 04.09.06.

2.2 Eksperimentelt oppsett

Eksperimentet gjekk over 46 veker, først 12 veker med temperaturmanipulering og kontinuerleg lys i innandørs kar, og deretter 36 veker med naturlege lys og temperaturforhold i ein 12x12x12 m merd. Av dei 12 vekene med temperaturmanipulering, var dei seks første vekene i ferskvatn og dei seks neste i saltvatn. Ved forsøksstart vart 1936 parr med ei gjennomsnittsvekt på 36,25 g (\pm SD 3,58) tilfeldig fordelt på 16 kar, slik at det vart 121 fisk per kar. Fire kar vart sett på ca 10 °C i ferskvassperioden og deretter ca 10 °C i saltvassperioden, fire kar på ca 10 °C i ferskvassperioden og ca 16 °C i saltvassperioden, fire kar på ca 16 °C i ferskvassperioden og ca 10 °C i saltvassperioden, og fire kar på ca 16 °C i ferskvassperioden og ca 16 °C i saltvassperioden. Det let seg ikkje gjere å halde

temperaturane konstante over heile forsøksperioden, og dei registrerte temperaturane frå dei ulike temperaturregima er vist i Fig. 3. Halvparten av fisken i kvart kar vart vaksinert intra-peritonealt med 0,1 ml olje-adjuvant vaksine (Norvaks® Compact 6, batch nr 5912501, Intervet Norge AS, Bergen, Noreg) i buken. Den andre halvparten vart merka med feittfinneklipp for å skilje dei frå dei vaksinerte. Vaksineringa vart utført fire dagar etter forsøksstart. Etter dei 12 vekene i innandørs kar, vart fiskane bukfinneklipt for å skilje dei ulike temperaturregima frå kvarandre, og overført til ei 175 m³ merd på sjøen.



Figur 3: Temperaturar i forsøkskara som dei ulike eksperimentelle gruppene vart oppdretta ved. Alle kara innafør same temperaturregime fekk vatn frå same blandestokk, og hadde dermed same temperatur. Den låge ferskvasstemperaturen, som vart styrt ved å blande råvatn frå elva med små mengder oppvarma ferskvatn, varierte med temperaturane i elva. Ferskvatnet med høg temperatur, som var ei blanding av oppvarma ferskvatn og små mengder ikkje-temperert råvatn, og saltvatnet med låg temperatur, som var ei blanding av ikkje-temperert sjøvatn og mindre mengder oppvarma sjøvatn, varierte lite. Saltvatnet med høg temperatur, som var ei blanding av oppvarma saltvatn og små mengder ikkje-temperert saltvatn, hadde eit par små temperaturhopp grunna problem med temperaturreguleringa på oppvarma sjøvatn.

I resten av oppgåva vert dei eksperimentelle gruppene symbolisert som 10-10U, 10-10V, 10-16U, 10-16V, 16-10U, 16-10V, 16-16U og 16-16V etter kva temperatur dei fekk i høvesvis ferskvassfasen og den tidlege sjøvassfasen, og om dei var uvaksinert (U) eller vaksinert (V).

2.3 Oppdrettsforhold ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase

Dei 12 første vekene av forsøket vart utført i kvite, firkanta kar av storleik 1×1×1 m med lokk. Kwart kar hadde ei lyskjelde montert i lokket. Dei fire fyrste vekene vart det brukt ei 40W pære (OSRAM Classic A, OSRAM GmbH, Augsburg, Tyskland) og deretter to 18 W lysrøyr (OSRAM L 18W/840 LUMILUX, OSRAM GmbH, Augsburg, Tyskland). Pærene var ei reserveløysing som følgje av sein levering av lysrøyra, og vart bytta ut midt i forsøket grunna problem ved vasssprut. Forsøkshallen hadde tilgang på oppvarma, nedkjølt og ikkje-temperert ferskvatn og sjøvatn. Dei ulike vasstilførslane kunne blandast i ein blandestokk for å få den temperaturen ein ynskte (Fig. 3). Vatnet vart lufta i kolonnelufterar etter blandinga i blandestokken. Fire og fire kar fekk vatn frå same blandestokk, slik at parallelle kar fekk nøyaktig like vasstemperaturar. Vasstilførselen (appendiks A; Fig. A1), som vart målt ved å ta tida det tok for vatnet å stige 3 cm i karet etter nedtapping, vart justert slik at det var minimum 75 % O₂ i avløpet frå kvart kar (appendiks A, Tab. A2). pH i avløpsvatnet frå kvart kar vart målt ein gong i veka ved hjelp av pH-meter (MP 120, Mettler-Toledo international Incorporated, Greifensee, Sveits; appendiks A; Fig. A2). Kwart kar var utstyrt med ein fôringsautomat (ARVO-TEC T Drum 2000, Point Four Systems Incorporated, Coquitlam, Canada) som fôra kontinuerleg gjennom heile døgeret med eit kommersielt fôr (appendiks A; Tab. A1). Fôringsmengda var sett til 2,5 % av biomassen per dag, noko som var over metting. Eit datasystem (sentral driftskontroll, Normatic AS, Norfjordeid, Norge) målte kontinuerleg temperaturen i vatnet frå kvar blandestokk.

Det var låg daudleik i kara. I løpet av ferskvassperioden døydde ingen fisk i 10-10, 16-10 og 16-16 temperaturregima. Eit tilfelle der vasstraumen stoppa i omtrent 1 time grunna tekniske feil, førte til at 3 av 463 fisk frå 10-16 temperaturregimet hoppa ut av kara og døydde. For å unngå at oksygenivået vart for lågt vart det spylt ferskvatn frå brannslangane ned i kara, noko som sannsynlegvis verka stressande på fisken. I den tidlege sjøvassperioden døydde 1 av 364 fisk i 16-10 temperaturregimet og 4 av 324 fisk frå 16-16 temperaturregimet. Det var ingen kjente årsaker til desse dødsfalla.

2.4 Oppdrettsforhold i merd

All fisken som var igjen etter karperioden (1000 individ) vart overført til ei merd inst i Masfjorden 30.11.06. Merda var utstyrt med eit sentralfôringsssystem (ARE-126, modell 1999/2001 (oppgradert), Austevoll Elektro Mekaniske A/S, Austevoll, Noreg) som fôra to måltid per dag (60 % formengd om morgon og 40 % fôrmengd om ettermiddag) med eit kommersielt fôr (appendiks A; Tab. A1). Fôringsmengda vart justert etter temperatur og fiskestorleik. Frå overføring til merd til slutten av desember vart fôringsmengda haldt til mellom 2,0 og 2,4 % av biomassen per dag. Fram mot byrjinga

av august neste år vart fôringsmengda gradvis justert ned til rundt 1,4 %, og vart deretter haldt ved 0,8 % dei siste to vekene av forsøket. Ein tabell for utfôring som prosent av biomasse per dag er lagt ved i appendiks A, Tab A3. Kvar arbeidsdag vart sjøtemperaturane målt kvar heile meter frå 1 m djup til 10 m djup (YSI modell 30, YSI Incorporation, Ohio, USA). Ved overføringa var gjennomsnittstemperaturen frå 1 m til 10 m djup 9,7 °C. Frå desember til midten av mars (13.03.07) varierte den for det meste mellom 8 °C og 10 °C. Deretter sank temperaturen til mellom 6 °C og 8 °C fram til midten av mai (18.05.07), og auka så gradvis til 12 °C i slutten av juni (25.06.07). Temperaturane auka deretter raskt til rundt 14 °C, og i mesteparten av juli og august låg temperaturane mellom 14 og 16 °C (appendiks A, Fig. A3). I løpet av dei 36 vekene fisken gjekk i merd, døydde 9 av dei 1000 individa. Årsaka til dødsfalla er ikkje kjent, men daudleiken vart sett på som låg.

2.5 Prøveuttak

Det vart utført seks prøveuttak under forsøksperioden; (1) ved forsøksstart (seks veker før sjøvassoverføring), (2) tre veker før sjøvassoverføring, (3) ved sjøvassoverføring, (4) tre veker etter sjøvassoverføring, (5) seks veker etter sjøvassoverføring og (6) 42 veker etter sjøvassoverføring (Tab. 1). All kjønnsmoden fisk vart utelatt frå studiet.

Lengd og vekt vart målt ved forsøksstart, sjøvassoverføring, seks veker etter sjøvassoverføring og 42 veker etter sjøvassoverføring (Tab 1). Lengd vart målt som gaffellengd (lengd mellom snuta sitt yttste punkt og hakket i halefinna) til nærmaste millimeter. Vekta vart målt som våtvekt til nærmaste 10^{-2} g. I dei første uttaka (1,3 og 5) var fiskane bedøvd med benzocain (40 mg L^{-1}) (Benzoak® Vet, A.C.D. SA, Braine-L'alleud, Belgia) før måling, og sloppe tilbake i kara. Ved siste uttak (42 veker etter sjøvassoverføring) vart fiskane avliva med eit slag til hovudet før måling.

Kondisjonsfaktor vart berekna ved $100V / L^3$

der V = vekt i gram og L = gaffellengde i cm (Bagenal & Tesch, 1978).

Spesifikk vektauke, SGR vart berekna som $(e^G - 1) * 100$ (Houde & Scheckter, 1981),

der $G = (\ln V_2 - \ln V_1) / (t_2 - t_1)$, der V_2 og V_1 er gjennomsnittleg vekt ved dag t_2 og t_1 (Bagenal & Tesch, 1978). Sesifikk vektauke vert berre kalla vektauke i resten av oppgåva.

Absolutt dagleg lengdevekst, mm dag^{-1} , vart berekna som $(L_2 - L_1) / (t_2 - t_1)$,

der L_2 og L_1 er gjennomsnittleg gaffellengde ved dag t_2 og t_1 (Ricker, 1979). Absolutt dagleg lengdeveksten vert berre kalla lengdevekst i resten av oppgåva.

I dei fem første uttaka vart det tatt blodprøvar av eit utval fisk for kalsium og fosfatanalysar (Tab. 1). Fisken vart bedøvd, målt for lengde og vekt, tatt blodprøve av og avliva med eit slag mot hovudet. Blodprøvene vart sentrifugert på 2500 rpm i 10 min (Jouan A14 microfuge and rotor med 188 mm diameter, Jouan, St-Herblain, Frankrike) ved romtemperatur. Serumet vart separert innan fire timar, og deretter fryst ned på -20 °C for seinare analysar.

Ved forsøksstart, sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring vart det tatt ut fisk til røntgenfotografering og mineralanalysering av ryggvirvlar (Tab. 1). Desse fiskane vart fryst ned på -20 °C for seinare analysing.

Ved sluttuttaket (42 veker etter sjøvassoverføring) vart fisk undersøkt for ytre teikn på ryggvirveldeformasjonar ved hjelp av palpering. Fisk med ytre teikn på ryggdeformasjonar vart klassifisert som fisk med deformasjonar i fremre del av ryggsøyla (mellom bakre kant av gjellelokket og bakre kant av ryggfinna) og fisk med deformasjonar i bakre del av ryggsøyla (bak bakre kant av ryggfinna) (sjå døme i Fig. 26). Det vart òg tatt ut fisk til røntgenfotografering (Tab. 1).

Tabell 1: Tabellen viser talet av høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk som vart brukt til ulike undersøkingar og vevsprøvar per temperaturregime per prøvetidspunkt. Tala i parentes er talet på undersøkt fisk per kar. Veke angir veke før/etter sjøvassoverføring.

Dato	04.09.06	25.09.06	16.10.06	06.11.06	27.11.06	21.08.07
Veke	-6	-3	0	3	6	42
Lengd og vekt	128* (32)	16 (4)	131-154 (31-39)	16 (4)	153-162 (35-41)	68-94
Blodprøvar	39**	16 (4)	16 (4)	16 (4)	16 (4)	
Virvelprøvar	39**		16 (4)		16 (4)	
Røntgen	39**		32 (8)		32 (8)	48-54
Palpering						68-94

*Fisken var fordelt på temperaturregime, men enno ikkje vaksinert. Talet angir totalt mengd fisk tatt ut per temperaturregime.

**Fisk tatt ut rett fordeling i temperaturregime (0-uttak).


2.6 Røntgenfotografering og analysing av virvelmorfologi

Fisk frå ferskvassfasen og tidleg sjøvassfase som skulle røntgenfotograferast (Tab. 1) vart tatt ut av frysaren, tint over natt og filetert ved hjelp av skalpell (Carbon steel surgical blades no 10, Swann-Moston limited, Østerrike). Fisk frå sluttuttaket (veke 42) vart filetert fersk ved hjelp av kniv. Deretter vart rygggradene lagra over natt på kjøll (4 °C) i isoporkassar og røntgenfotografert neste dag. Bileta vart tatt med eit berbart røntgenapparat (Collimax x-ray collimator, modell R-120 H, collimax

corporation, Tokyo, Japan). Til røntgenbileta under smoltifisering og den tidlege sjøvassfasen vart det brukt ein 30 × 40 cm film (Kodak M100, KODAK S.A., Paris, Frankrike), som vart eksponert 15 gongar med 50 mAs og 40 kV. Røntgenapparatet var plassert 100 cm over filmen. 42 veker etter sjøvassoverføring var ryggskylene så lange at bileta måtte takast på to 30 x 40 cm filmar (FUJIFILM IX 50, FUJIFILM Corporation, Tokyo, Japan). Røntgenapparatet var plassert 122 cm over filmen, som vart eksponert to gonger med 50 mAs og 68 kV. Negativa vart framkalla manuelt ved hjelp av ein manuell framkallar (Cofar Cemat C56D, Arcore (MI), Italia) med Kodak Professional framkallar- og fikseringsvæske (KODAK S.A., Paris, Frankrike). Bileta vart deretter digitalisert ved skanning (Epson expression 10000 XL, Seiko Epson Corp., Nagano-Ken, Japan) og arbeidd vidare med i Adobe Photoshop 6 (Adobe systems incorporated, San Jose, California, USA).

All røntgenfotografert fisk vart undersøkt for deformasjonar. Virvlar som ikkje hadde den typiske X forma på røntgenbileta (sjå døme i Fig. 4 & 27 A), men såg meir ut som II,][eller K, vart klassifisert som komprimerte (sjå døme i Fig. 27 B, C, D & E) (Witten et al., 2005, Fjellidal et al., 2007 a). Virvlar utan mellomrom på røntgenbileta vart klassifisert som ankyloser (sjå døme i Fig. 27 D, E & F) (Witten et al., 2006. Fjellidal et al., 2007 a). Dislokasjonar, virvlar som låg ute av stilling (sjå døme i Fig. 27 F), vart berre registrert frå sluttuttaket 42 veker etter sjøvassoverføring, då det var uvisst korleis gjentatt frysing og tining ved dei første uttaka påverka stabiliteten til ryggraden. Deformasjonane vart notert etter individ, virvelregion og virvelnummer.

All fisken som vart røntgenfotografert ved forsøksstart (veke -6), og halvparten av fisken som vart røntgenfotografert ved sjøvassoverføring (veke 0) og seks veker etter sjøvassoverføring (veke 6), vart undersøkt for endringar i virvelmorfologi og mineralinnhald. Forholdet mellom virvellengd (i hovud mot hale retning) og virveldiameter (dorso-ventral), og lengd av intervertebralrom, vart målt frå røntgenbileta i ImageJ (Image Processing and Analysis in Java, National Institute of Mental health, Bethesda, Maryland, USA) og rekna ut ved hjelp av Pytagoras setning frå XY-koordinatar (Fig. 4): Virvellengd (VL): $((X_2-X_1)^2+(Y_2-Y_1)^2)^{0,5}$, Virveldiameter (VD): $((X_3-X_2)^2+(Y_3-Y_2)^2)^{0,5}$, Lengd intervertebralrom (M): $((X_{1\text{ virvel }2}-X_{2\text{ virvel }1})^2+(Y_{1\text{ virvel }2}-Y_{2\text{ virvel }1})^2)^{0,5}$. Ryggskylulengd: sum av individets virvellengder og intervertebralromlengder.



Figur 4: Plassering av XY-koordinatar på røntgenbilete av ryggvirvel.

2.7 Måling av mineralinnhald og estimering av proteininnhald i virvlar

Virvel nr 40-43 vart dissekert ut og vaska grundig med neglebørste og varmt (~40 °C) vatn til alt synleg bindevev og muskulatur var fjerna. Hemalbogane og ryggstrengen vart fjerna med skalpell (Carbon steel surgical blades no 11, Swann-Moston limited, Østerike). Virvlane frå kvar fisk vart samla til ein prøve, avfeitta i 20 ml 2:1 volumforhold aceton-kloroformløysning (inspirert av Chappard et al., 2006, utarbeida på Havforskningsinstituttet av Ane Grini etter utprøving av fleire avfeittingsmiddel, Appendiks D). Deretter vart virvlane tørka i 100 °C over natt og brent i muffelomn (modell L 40/11/P320, Nabertherm GmbH, Bremen , Tyskland; 115 °C i 0,5 t, 540 °C i 4 t, og 750 °C i 6 t) i forbrente diglar. Virvlane vart vegd til nærmaste 10^{-2} mg (XS204, Mettler-Toledo international Incorporated, Greifensee, Sveits) etter tørking og etter brenning. Ryggvirvlane består av feitt, protein, mineral og beinceller (Nordvik et al. 2005), så etter vasking, avfeittning og tørking skal det berre vere protein, mineral og litt beinceller igjen av virvlane. Brenninga i muffelomnen fjernar alt av organisk materiale, slik at det berre er mineral igjen. Mineralvekta vert difor gitt av vekta på oska, medan proteinvekta vert estimert som differansen mellom tørrvekta og mineralvekta (Fjelldal et al., 2007 a).

Mineralinnhald vart bestemt som $(\text{oskevekt} * 100) / (\text{tørrvekt})$ (Fjelldal et al., 2007 a).

Mineralvektauke og estimert proteinvektauke vart berekna ut frå høvesvis gjennomsnittleg mineralvekt per kar og gjennomsnittleg estimert proteinvekt per kar etter formelen for vektauke:

$(e^G - 1) * 100$ (Houde & Scheckter, 1981), der $G = (\ln \text{ til sluttvekta} - \ln \text{ til startvekta}) / \text{dagar}$.

2.8 Måling av kalsium og fosfor i virvlar

Oske frå brente virvlar vart løyst opp i 65 % salpetersyre, HNO_3 (100 μl per mg oske), og sett i varmeskap ved 50 °C i ein time for at alt skulle løyse seg opp (Persson et al., 1997). Prøvane vart deretter justert for pH og fortynna 1:35 med 0,357 M natriumhydroksid, NaOH. Alle prøvane vart samla i ein stor pose og fryse ned på -20 °C før vidare analysering.

Kalsium vart målt i flatbotna 96-brønnsplater (9017 EIA/RIA plate, Corning Incorporated, New York, USA) ved hjelp av ein kalsiumreagenspakke (QuantiChrom™ Calcium Assay Kit (DICA- 500), BioAssay System, Hayward, California, USA) og ein platelesar (Sunrise-basic Tecan, Tecan Austria GmbH, Grödig, Østerike). Både standardar, prøvar og kontrollar vart målt i duplikate brønnsplater, og prøvar med prosentavvik ($(\text{differanse} / \text{gjennomsnitt}) * 100$) over 8 vart målt på nytt. Standardane (5000 μM , 4000 μM , 3000 μM , 2000 μM , 1500 μM , 1000 μM og 500 μM) og kontrollane (750 μM , 2500 μM , 4500 μM)

vart laga ved å fortynne ein 5000 μM kalsiumkloridløysing (CaCl_2) med destillert vatn. Reagenskittet inneheldt fenolsulphonephthalein, eit fargestoff som danna eit blåfarga kompleks med fritt kalsium. Intensiteten av blåfargen, som er direkte proporsjonal med kalsiumkonsentrasjonen i prøven, vart målt spektrofotometrisk ved 612 nm etter 30 min inkubasjon i romtemperatur. Alle prøvane vart målt i tilfeldig rekkefølge for å minimere påverknadane av eventuelle skilnader mellom målingane.

Fosforprøvane vart fortynna 1: 120 vidare frå den pH-justerte fortynninga (totalt fortynna 1: 4200 frå salpetersyreløysinga) og målt i flatbunna 96-brønnsplater (9017 EIA/RIA plate, Corning Incorporated, New York, USA) ved hjelp av ein fosforreagenspakke (QuantiChrom™ Phosphate Assay Kit (DIPI-500), BioAssay System, Hayward, California, USA) og same platelesar som kalsiumprøvane. Standardar, blank, prøvar og kontrollar vart målt i duplikate brønner, og prøvar med prosentavvik over 8 vart målt på nytt. Standardane (20 μM , 15 μM , 10 μM , 5 μM) og kontrollane (7,5 μM , 12,5 μM , 17,5 μM) vart laga ved å fortynne ein 30 μM kaliumfosfatløysing (K_3PO_4) med destillert vatn. Reagenskittet inneheld ammoniummolybdate ($(\text{NH}_4)_2\text{MoO}_4$) og malakitt ($\text{CuCO}_2 \cdot \text{Cu}(\text{OH})_2$), som saman lagar eit stabilt, grønfarga kompleks med uorganisk fosfat, PO_4^{3-} . Intensiteten av grønfargen vart målt spektrofotometrisk ved 620 nm etter 25 min inkubasjon i romtemperatur. Alle prøvane vart målt i tilfeldig rekkefølge.

2.9 Måling av kalsium og fosfor i serum

Fritt kalsium og uorganisk fosfat vart målt i høvesvis ufortynna serum og 1:400 fortynning med destillert vatn, med same utstyr og framgangsmåte som beinprøvane.

2.10 Statistiske analysar

Statistiske analysar vart utført i STATISTICA 8 (StatSoft Inc., Tulsa, USA). Alle målte data vart sjekka for normalfordeling ved hjelp av grafisk presentasjon av frekvensfordeling og p-p plot (observert akkumulert distribusjon mot forventa akkumulert distribusjon), og testa for homogen varians med Levenes test.

Lengd, vekt, kondisjonsfaktor, mineralinnhald i virvlar, kalsium og fosfor i blodprøvar og virvlar, og molart Ca/P-forhold i virvlar, vart testa med hierarkisk tovegs ANOVA med individ nøsta i kar.

Virvelmorfologi ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase (lengd/diameterforhold av virvlane og lengda på intervertebralrommet) vart analysert som snitt per region per fisk, med hierarkisk tovegs ANOVA og individ nøsta i kar. Intervertebralrom mellom virvel nr 40 og 44 ved sluttuttak (veke 42) vart

analysert med hierarkisk tovegs ANOVA med individ nøsta i kar, på gjennomsnittleg intervertebralrom per individ. Lengd/diameterforhold i virvlane 42 veker etter sjøvassoverføring vart analysert med hierarkisk tovegs ANOVA med individ nøsta i kar, på arcsinus transformert gjennomsnittleg lengd/diameterforhold i virvel nr 40 – 43 per individ. Lengd/diameterforholdet vart transformert for å få data normalfordelt. Dette vart gjort for å sleppe å analysere fleire ikkje-parametriske einvegs testar. Då rådata ikkje var normalfordelt, vart likevel data presentert i figur med median som mål middelverdi, og 25 – 75 persentilar og minimum og maksimumverdiar som spreining. I alle dei nemnde statistiske testane var individ den eksperimentelle eininga. Lengdevekst, vektauke, mineralvektauke og proteinvektauke i virvlar vart testa med tovegs ANOVA frå gjennomsnittverdiane til parallellane (kara). ANOVA vart brukt sjølv om kravet om homogen varians ikkje alltid var oppfylt (appendiks C, tabell C11; C27; C34 og C41). Dette vart gjort fordi ANOVA er ganske robust mot brot på denne føresetnaden så lenge det er tilnærma lik prøvestorleik i alle gruppene (Hatcher & Stepanski, 1994). Eit signifikansnivå på $p < 0,05$ vart brukt i alle analysane. Ved signifikante resultat i ANOVA testane, vart Newman-Keuls test nytta for å samanlikne gruppene. For å syna kva grupper som var, eller ikkje var, signifikant forskjellige frå kvarandre, vart gjennomsnitt som var signifikant forskjellige frå kvarandre merka med ulike små bokstavar. Til dømes er middelverdiar merka med "a" signifikant større enn middelverdiar merka med "b", medan middelverdiar merka med "ab" ikkje er signifikant forskjellig frå nokon av dei. I tilfeller der ANOVA-testar syna signifikant effekt av enten temperatur eller vaksine, medan Newman-Keuls test ikkje gav signifikant forskjell mellom gruppene (sannsynlegvis fordi multiple samanlikningstestar tar i betraktning at fleire enn to gjennomsnitt vert samanlikna) vart alle gjennomsnitta merka med same bokstav.

Korrelasjon mellom intervertebralrom og mineralinnhaldet i virvlane, og korrelasjon mellom lengd/diameterforhold og mineralinnhald i virvlane vart utført med Pearson produkt-moment korrelasjon.

Innslaget av fisk med ytre teikn på virveldeformasjonar, og innslaget av fisk med virveldeformasjonar basert på røntgenundersøking, vart analysert mot ein nullhypotese om ingen forskjell med Pearsons kji-kvadrattest. Effekten av temperatur vart testa på vaksinert og uvaksinert fisk kvar for seg, og effekten av vaksine vart testa på kvar temperaturregime for seg. Dersom temperaturregima viste signifikant forskjellig fordeling vart temperaturregima testa mot kvarandre med 2×2 Pearson kji-kvadrattest og sekvensielle Bonferronikorrigerede p-verdiar.

Mengd deformerte virvlar per individ vart analysert med fleire ikkje-parametriske einvegs variansanalysar i mangel på alternative ikkje-parametriske tovegs analysar i statistikkprogrammet. Effekten av temperatur vart analysert med Kruskal-Wallis test for vaksinert og uvaksinert fisk kvar for seg. Dersom p-verdien var signifikant vart temperaturregima testa mot kvarandre med ein multiple median-samanlikningstest. Effekten av vaksine innafor kvart temperaturregime vart testa med Man-Witney U-test. 42 veker etter sjøvassoverføring vart mengd deformerte virvlar pr individ berre analysert hjå deformert fisk. Dette vart gjort for å unngå at signifikante forekjellar i innslaget av deformerte individ skulle påverke resultatet.

3. Resultat

3.1 Vekst


3.1.1 Vekst under smoltifisering og tidleg sjøvassfase

Ved forsøksstart (veke -6) var det ingen signifikant forskjell i lengd og vekt mellom dei ulike temperaturregima (Fig. 3 A, B og Tab. 2). Kondisjonsfaktoren derimot, var signifikant høgare i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 temperaturregimet (Fig. 5 C).

Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt på lengd og vekt (Fig. 5 A, B, Tab. 2). Både høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk var signifikant lengre og tyngre i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima, og vaksinert fisk var signifikant kortare og lettare enn uvaksinert innafor alle temperaturregima (Fig. 5 A, B). Vaksinerings, men ikkje temperatur, hatt ein signifikant effekt på kondisjonsfaktoren (Fig. 5 C, Tab. 2). Det hadde og vore eit signifikant samspel mellom temperatur og vaksineeffektane (Tab. 2), slik at vaksinerings hadde ein tendens til å auke kondisjonsfaktoren hjå fisk som vart haldt på 16 °C, medan det ikkje hadde nokon effekt hjå fisk som vart haldt ved 10 °C i ferskvassperioden. Det var likevel berre i 16-16 temperaturregimet at forskjellen mellom vaksinert og uvaksinert fisk var signifikant (Fig. 5 C).

Tabell 2: p-verdiar frå ANOVA-test på lengd, vekt og kondisjonsfaktor ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase. Seks veker før sjøvassoverføring vart vekstparametrane analysert med einvegs ANOVA, då fiskane ikkje var vaksinerte ved dette tidspunktet. Ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring vart parametrane analysert med tovegs ANOVA. Ved alle tidspunkta vart individ nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendige statistiske testar for lengd, vekt og kondisjonsfaktor er vist i appekdiaks C, Tab. C1-C6.

Analytt	Variabel	Veke før/etter sjøvassoverføring		
		-6	0	6
Lengd	Temperatur	0,0597	0,0000	0,0000
Lengd	Vaksine		0,0000	0,0000
Lengd	Interaksjon		0,4988	0,0079
Vekt	Temperatur	0,0914	0,0000	0,0000
Vekt	Vaksine		0,0000	0,0000
Vekt	Interaksjon		0,6616	0,0121
K-faktor	Temperatur	0,0266	0,1569	0,0183
K-faktor	Vaksine		0,0018	0,0000
K-faktor	Interaksjon		0,0249	0,0033




Figur 5: Lengd (A; gjennomsnitt \pm S.E.), vekt (B; gjennomsnitt \pm S.E.) og kondisjonsfaktor (C; gjennomsnitt \pm S.E.) hjå haustsmolt ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase (n = 128 ved veke -6, og 131 – 162 i veke 0 og veke +6). Då fisken ikkje var vaksinert ved forsøksstart, vert vaksinerte grupper vist som identiske med uvaksinerte innafor i temperaturregima i veke -6. Gjennomsnitt med same små bokstavar innafor ei gitt veke er ikkje signifikant forskjellig ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

Seks veker etter sjøvassoverføring (veke 6) hadde både temperatur og vaksine hatt ein signifikant effekt på lengd og vekt (Fig. 5 A, B, Tab. 2). Både høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk i 16-16 og 16-

10 temperaturregima var signifikant lengre og tyngre enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima. I tillegg var uvaksinert fisk i 10-16 temperaturregimet signifikant lengre enn uvaksinert fisk i 10-10 temperaturregimet. Innafor alle temperaturregima var framleis dei uvaksinerte fiskane lengre enn dei vaksinerte, og bortsett frå i 10-10 temperaturregimet var dei og tyngre enn dei vaksinerte fiskane (Fig. 5 A, B). Det hadde òg vore ein signifikant interaksjon mellom vaksine og temperatureffektane (Tab. 2), slik at vaksining påverka lengd og vekt meir i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima. Både temperatur og vaksine hadde ein signifikant effekt på kondisjonsfaktoren (Fig. 5 C, Tab. 2). I tillegg var det ein signifikant interaksjon mellom variablane (Tab. 2), slik at vaksine hadde ein mykje større effekt på kondisjonsfaktoren hjå 16-16 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima. For uvaksinert fisk gav ikkje ulike temperaturregime nokon signifikant effekt på kondisjonsfaktoren, medan hjå vaksinerte fisk hadde 16-16 temperaturregimet signifikant høgare kondisjonsfaktor enn dei andre regima. I 16-16 og 16-10 temperaturregima hadde vaksinert fisk signifikant høgare kondisjonsfaktor enn uvaksinert, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk i 10-10 og 10-16 temperaturregima (Fig. 5 C).

Hovudpunkta frå vekstparametrane kan oppsummerast med at fisk frå 16-16 og 16-10 temperaturregima var lengre og tyngre enn 10-10 og 10-16 temperaturregima ved både sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring og at vaksinert fisk i 16-16 temperaturregimet hadde signifikant høgare kondisjonsfaktor enn dei andre gruppene seks veker etter sjøvassoverføring. Av mindre viktig grad var i tillegg uvaksinert fisk for det meste lengre og tyngre enn vaksinert fisk innafor temperaturregima både ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring.

I perioden mellom seks veker før sjøvassoverføring og sjøvassoverføring (ferskvassperioden) hadde både temperatur og vaksine ein signifikant effekt på veksthastigheit målt som lengdevekst (mm dag^{-1}) og vektauke ($\% \text{ dag}^{-1}$) (Fig. 6 A, B, Tab. 3). Både høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk hadde signifikant høgare lengdevekst og vektauke i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima, og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare lengdevekst og vektauke enn vaksinert innafor temperaturregima (Fig. 6 A, B).



Figur 6: Veksthastigheit (gjennomsnitt \pm S.E) ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase, uttrykt som (A) lengdevekst (mm dag^{-1}) og (B) vektauke ($\% \text{ dag}^{-1}$). Ferskvassperioden består av dei siste seks vekene før sjøvassoverføring (veke -6 - 0), og i tidleg sjøvassperiode består av dei første seks vekene etter sjøvassoverføring (veke 0 - +6). Lengdeveksten og vektauken vart basert på gjennomsnitt per kar ($n = 4$), då det ikkje vart brukt individmerka fisk. Gjennomsnitt med same små bokstavar innafor ferskvassperioden og sjøvassperioden er ikkje signifikant forskjellig ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

I perioden mellom sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring (tidleg sjøvassperiode) hadde både temperatur og vaksine ein signifikant effekt på lengdevekst, men ikkje på vektauke (Tab. 3, Fig. 6 A, B). Hjå vaksinert fisk gav ikkje ulike temperaturregime nokon signifikant effekt på lengdevekst, men hjå uvaksinert fisk hadde 16-10 og 16-16 temperaturregima signifikant høgare lengdevekst enn 10-16 og 10-10 regima (Fig. 6 A). Det var og ein signifikant interaksjon mellom temperatur og vaksinasjonseffektane (Tab. 3), ved at vaksining hadde tendens til å redusere lengdevekst i alle temperaturregima bortsett frå 10-10 regimet. Det var likevel ingen signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk i nokon av temperaturregima (Fig. 6 A).

Tabell 3: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test på veksthastigheiter dei siste seks vekene i ferskvassperioden og dei første seks vekene i sjøvassperioden. Fullstendige statistiske testar for lengdevekst og vektauke er lagt ved i appendiks C, tabell C7-C10.

Analytt	Variabel	Tidleg	
		Ferskvassperiode	sjøvassperiode
Lengdevekst (mm dag ⁻¹)	Temperatur	0,0000	0,0018
Lengdevekst (mm dag ⁻¹)	Vaksine	0,0000	0,0014
Lengdevekst (mm dag ⁻¹)	Interaksjon	0,4801	0,0113
Vektauke (% dag ⁻¹)	Temperatur	0,0000	0,2036
Vektauke (% dag ⁻¹)	Vaksine	0,0000	0,5231
Vektauke (% dag ⁻¹)	Interaksjon	0,9010	0,0529

I ferskvassperioden kan hovudresultata frå veksthastigheita difor oppsummerast med at både vaksinert og uvaksinert fisk vaks betre ved 16 grader (16-16 og 16-10 temperaturregima) enn ved 10 grader (10-10 og 10-16 temperaturregima). Uvaksinert fisk vaks signifikant betre enn vaksinert fisk innafor temperaturregima. I den tidlege saltvassperioden var forskjellane i veksthastigheit derimot svært små.

3.1.2 Lengd, vekt og kondisjonsfaktor ved avslutning av forsøket


Både temperatur og vaksine gav ein signifikant effekt på både lengd og vekt 42 veker etter sjøvassoverføring (Fig. 7 A, B, Tab. 4). Det var òg eit signifikant samspel mellom variablane (Tab. 4), slik at vaksine såg ut til å redusere lengd og vekt i større grad dess lengre tid fiskane vart oppdretta ved 16 °C. Uvaksinert fisk var signifikant lengre og tyngre i 16-10 regimet enn i dei andre temperaturregima, og signifikant kortast og lettast i 10-16 regimet. Vaksinert fisk var signifikant lengst i 10-10 temperaturregimet, signifikant lengre i 16-10 regimet enn i 10-16 og 16-16 regima, og signifikant kortast i 16-16 temperaturregimet. Vaksinert fisk var signifikant lettare i 10-16 og 16-16 temperaturregima enn i 10-10 og 16-10 temperaturregima. Innafor alle temperaturregima var uvaksinert fisk signifikant lengre og tyngre enn vaksinert (Fig. 7 A, B).

Både temperatur og vaksine hadde ein signifikant effekt på kondisjonsfaktoren (Fig. 7 C, Tab. 4). Vaksinert fisk hadde signifikant høgare kondisjonsfaktor i 16-16 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima. Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare kondisjonsfaktor i 16-16 temperaturregimet enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima, og i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 temperaturregimet. Innafor temperaturregima var det ein svak tendens til at vaksinert fisk hadde høgare kondisjonsfaktor enn uvaksinert, men det var ingen signifikante forskjellar (Fig. 7 C).

Tabell 4: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test på lengd, vekt og kondisjonsfaktor 42 veker etter sjøvassoverføring. Fullstendige statistiske testar for lengd, vekt og kondisjonsfaktor er lagt ved i appendiks C, tabell C1-C6.

Analytt	Variabel	p-verdi
Lengd	Temperatur	0,0000
Lengd	Vaksine	0,0000
Lengd	Interaksjon	0,0000
Vekt	Temperatur	0,0000
Vekt	Vaksine	0,0000
Vekt	Interaksjon	0,0000
K-faktor	Temperatur	0,0000
K-faktor	Vaksine	0,0044
K-faktor	Interaksjon	0,5839

Hovudpunkta frå vekstresultata 42 veker etter sjøvassoverføring kan oppsummerast med at var uvaksinert fisk signifikant lengre og tyngre enn vaksinert fisk innafor temperaturregima. Vaksinert fisk var signifikant lettare og kortare i 16-16 og 10-16 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 regima, og hadde signifikant høgare kondisjonsfaktor i 16-16 regimet enn i dei andre temperaturregima.



Figur 7: Lengd (A; gjennomsnitt \pm S.E.), vekt (B; gjennomsnitt \pm S.E.) og kondisjonsfaktor (C; gjennomsnitt \pm S.E.) for forsøksfisken 42 uker etter sjøvassoverføring (n = 68 - 94). Gjennomsnitt med same små bokstavar er ikkje signifikant forskjellig ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

3.2 Mineralisering under smoltifisering og tidleg sjøvassfase

3.2.1 Mineralinnhald, mineralvektauke og proteinvektauke i virvlar


Mineralinnhaldet (som % av tørrvekt) i ryggvirvel nr 40-43 sank frå forsøksstart til sjøvassoverføring (Fig. 8 A). Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde temperatur, men ikkje vaksine gitt ein signifikant effekt på mineralinnhaldet (Tab. 5). Både høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare mineralinnhald i 10-10 temperaturregimet enn i 16-16 og 16-10 temperaturregima, og i 10-16 temperaturregimet enn i 16-10 temperaturregimet (Fig. 6 A).

Tabell 5: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test for mineralinnhald (som % av tørrvekt) i ryggvirvlar ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Individ vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar.

Variabel	Veker etter sjøvassoverføring	
	0	6
Temperatur	0,0000	0,0001
Vaksine	0,9901	0,0012
Interaksjon	0,8300	0,0111

I perioden frå seks veker før sjøvassoverføring til sjøvassoverføring (ferskvassperioden) hadde både temperatur og vaksine ein signifikant effekt på mineralvektauken (% dag⁻¹) i virvlar (Fig. 8 B, Tab. 6). Både høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare mineralvektauke i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima. Innafor temperaturregima var det ingen signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk (Fig. 8 B). Temperatur, men ikkje vaksine, hadde ein signifikant effekt på proteinvektauken (% dag⁻¹) i virvlar (Fig. 8 C, Tab. 6). Både høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare proteinvektauke i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 regima (Fig. 8 C).

Seks veker etter sjøvassoverføringa hadde mineralinnhaldet i virvlane minka kraftig i alle regima (Fig. 8 A). Både temperatur og vaksine hadde gitt ein signifikant effekt (Tab. 5). Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare mineralinnhald i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima, medan hjå vaksinert fisk var det 16-10 temperaturregimet som skilte seg ut med signifikant lågare mineralinnhald enn dei andre temperaturregima (Fig. 8 A). Det var òg eit signifikant samspel mellom temperatur og vaksineeffektane (Tab. 5), slik at vaksininga hadde ein aukande effekt på mineralinnhaldet hjå gruppene som hadde høgast temperatur i sjøvassperioden. I 16-16 og 10-16 temperaturregima hadde vaksinert fisk signifikant høgare mineralinnhald enn uvaksinert, medan vaksine ikkje hadde nokon signifikant effekt i 10-10 og 16-10 temperaturregima. (Fig. 8 A).



Figur 8: Utvikling i mineral- og proteininnhaldet (snitt \pm SE) i ryggvirvel nr 40-43 ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase. (A) Mineralinnhald (som % av virveltørrvekt) seks veker før sjøvassoverføring ($n = 39$), ved sjøvassoverføring ($n = 16$; 4 per kar) og seks veker etter sjøvassoverføring ($n = 16$; 4 per kar). Seks veker før sjøvassoverføring vert gjennomsnittet av heile fiskebestanden vist, då fisken ikkje hadde blitt fordelt på ulike grupper ved første prøvetaking. (B) Mineralvektauke (% dag⁻¹) i perioden mellom seks veker før sjøvassoverføring og sjøvassoverføring, og mellom sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Mineralvektauken vart estimert frå gjennomsnittet per kar ($n = 4$). (C) Proteinvektauke (% dag⁻¹) i perioden mellom seks veker før sjøvassoverføring og sjøvassoverføring, og mellom sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Proteinvekta vart estimert som tørrvekt – mineralvekt, og vekttauken frå gjennomsnitt per kar. Gjennomsnitt med same små bokstavar innafør ei gitt veke er ikkje signifikant forskjellig ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

Tabell 6: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test for mineralvektauke og proteinvektauke dei siste seks vekene før sjøvassoverføring og dei første seks vekene etter sjøvassoverføring. Mineralvektauken og proteinvektauken vart rekna ut frå gjennomsnitt per kar, då fiskane i forsøket ikkje var individmerka. Fullstendige statistiske testar for mineralinnhald, mineralvektauke og proteinvektauke er lagt ved i appendiks C, tabell C12-C17.

Analytt	Variabel	Ferskvassperiode	Tidleg sjøvassperiode
Mineralvektauke (% dag ⁻¹)	Temperatur	0,0000	0,0134
Mineralvektauke (% dag ⁻¹)	Vaksine	0,0093	0,5020
Mineralvektauke (% dag ⁻¹)	Interaksjon	0,7066	0,3016
Proteinvektauke (% dag ⁻¹)	Temperatur	0,0000	0,0088
Proteinvektauke (% dag ⁻¹)	Vaksine	0,0920	0,0304
Proteinvektauke (% dag ⁻¹)	Interaksjon	0,9999	0,6323

I perioden mellom sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring (tidleg sjøvassperiode) hadde temperatur, men ikkje vaksine, ein signifikant effekt på mineralvektauken i virvlar (Tab. 6). Likevel var det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima (Fig. 8 B). Både temperatur og vaksine hadde ein signifikant effekt på proteinauken i virvlar (Tab. 6), men det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima for verken vaksinert eller uvaksinert fisk, og heller ikkje mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Fig. 8 C).

Oppsummeringsvis sank mineralinnhaldet i virvlane 3-7 % frå seks veker før sjøvassoverføring til sjøvassoverføring, og deretter 10-15 % frå sjøvassoverføring til seks veker etter sjøvassoverføring. I ferskvassperioden hadde 16-16 og 16-10 temperaturregima signifikant høgare proteinvektauke og mineralvektauke enn 10-10 og 10-16 temperaturregima. Det var likevel ein tendens til at mineralinnhaldet sank meir i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima i same periode. I den tidlege sjøvassperioden var det ingen forskjell i mineralvektauken, og svært liten forskjell i proteinvektauken. Bortsett frå uvaksinert fisk i 10-16 temperaturregimet og vaksinert fisk i 16-16 temperaturregimet, som utvikla høvesvis lågare og høgare mineralinnhald enn forventa, var det framleis ein tendens til at 10-10 og 10-16 temperaturregima hadde høgare mineralinnhald i virvlane enn 16-10 og 16-16 temperaturregima.

3.2.2 Kalsium og fosforinnhald i virvlar


Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde temperatur, men ikkje vaksine, ein signifikant effekt på kalsiuminnhaldet (som % av mineralvekta) i ryggvirvlar (Fig. 9 A, Tab. 7). Likevel var det ingen signifikante forskjellar mellom temperaturregima, sjølv om det var eit svakt tildriv til at uvaksinert fisk hadde høgare kalsiuminnhald i 16-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima (Fig. 9 A). Verken temperatur eller vaksine hadde nokon signifikant effekt på fosforinnhaldet eller det molare kalsium/fosfor-forholdet i ryggvirvlar (Fig. 9 B, C, Tab. 7). Det var ein svak tendens til at vaksinert fisk hadde lågare fosforinnhald og høgare molart kalsium/fosfor-forhold i 16-16 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima (Fig. 9 B, C).

Seks veker etter sjøvassoverføring (veke 6) hadde temperatur, men ikkje vaksine, gitt ein signifikant effekt på kalsiuminnhaldet og fosforinnhaldet i virvlane (Tab. 7). Like fullt var det ingen signifikant forskjell mellom gruppene (Fig. 9 A, B). For det molare kalsium/fosfor-forholdet i virvlane hadde ingen av variablane nokon signifikant effekt (Tab. 7 og Fig. 9 C).

Tabell 7: p-verdiar frå tovegs ANOVA for kalsiuminnhald, fosforinnhald og molart kalsium/fosforforhold i ryggvirvlar ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Individ vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendig statistiske testar for kalsiuminnhald, fosforinnhald og molart kalsium/forsforforhold i virvlar er lagt ved i appendiks C, tabell C18-C22.

Analytt	Variabel	Veker etter sjøvassoverføring	
		0	6
Kalsiuminnhald (%)	Temperatur	0,0396	0,0468
Kalsiuminnhald (%)	Vaksine	0,3417	0,2514
Kalsiuminnhald (%)	Interaksjon	0,6126	0,6465
Fosforinnhald (%)	Temperatur	0,5508	0,0158
Fosforinnhald (%)	Vaksine	0,1296	0,1385
Fosforinnhald (%)	Interaksjon	0,9552	0,6583
Ca/P-forhold (molart)	Temperatur	0,2730	0,1643
Ca/P-forhold (molart)	Vaksine	0,0695	0,3936
Ca/P-forhold (molart)	Interaksjon	0,1043	0,8483


Oppsummeringsvis var det ingen signifikante forskjellar i kalsiuminnhaldet, fosforinnhaldet eller det molare kalsium/fosfor-forholdet mellom temperaturregima eller mellom vaksinert og uvaksinert fisk, verken ved sjøvassoverføring eller seks veker etter sjøvassoverføring.



Figur 9: Mineralstatus (gjennomsnitt \pm S.E.) i virvel nr 40-43, seks veker før sjøvassoverføring (n = 39), ved sjøvassoverføring (n \approx 16; 4 per kar), og seks veker etter sjøvassoverføring (n \approx 16; 4 per kar). (A) Kalsiuminnhald (% av mineralvekt), (B) fosforinnhald (% av mineralvekt), (C) molart kalsium/forfor-forhold. Seks veker før sjøvassoverføring vert gjennomsnittet av heile fiskebestanden vist, då fisken ikkje hadde blitt fordelt på ulike grupper ved første prøvetaking. Ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring varierte prøvestorleiken mellom 14 og 16, då nokre prøvar måtte forkastast grunna utfellingar.

3.2.3 Kalsium i serum

Kalsiumkonsentrasjonen i serum auka frå seks veker før sjøvassoverføring til tre veker før sjøvassoverføring (Fig. 10). Ved dette tidspunktet (veke -3) hadde temperatur, men ikkje vaksinerings, hatt ein signifikant effekt på kalsiumkonsentrasjonen (Tab. 8). Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare kalsiumkonsentrasjon i 10-10 og 10-16 temperaturregima enn i 16-10 og 16-16 temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare kalsiumkonsentrasjon i 10-10 temperaturregimet enn i 16-10 og 16-16 temperaturregima, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell mellom 10-16 temperaturregimet og dei andre regima (Fig. 10).



Figur 10: Kalsiumkonsentrasjon i serum (gjennomsnitt ± S.E) ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase (n = 39 i veke -6, n = 16; 4 per kar, i veke -3, 0, +3 og +6). I veke -6 vert gjennomsnittet av heile fiskebestanden vist, då fisken ikkje hadde blitt fordelt på ulike grupper ved første prøvetaking. Gjennomsnitt med same bokstavar innafor eit tidspunkt er ikkje signifikant ulike ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

Mot sjøvassoverføring (veke 0) sank kalsiumkonsentrasjonane igjen (Fig. 10). Både temperatur og vaksine hadde ein signifikant effekt på konsentrasjonen (Tab. 8), men det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima for verken vaksinert eller uvaksinert fisk. Innafor temperaturregima var det ein tendens til at vaksinert fisk hadde høgare kalsiumkonsentrasjon enn uvaksinert, men det var berre i 10-10 temperaturregimet at forskjellen var signifikant (Fig. 10).

Tabell 8: p-verdiar frå tovegs ANOVA for kalsiumkonsentrasjon i serum ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase. Individua vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendige statistiske testar er lagt ved i appendiks C, Tab. C23-C24.

Variabel	Veker før/ etter sjøvassoverføring			
	-3	0	3	6
Temperatur	0,0000	0,0051	0,0009	0,0535
Vaksine	0,6180	0,0004	0,5741	0,0021
Interaksjon	0,6218	0,4690	0,6824	0,0050


Frå sjøvassoverføringa steig kalsiumkonsentrasjonen igjen fram til seks veker etter sjøvassoverføring (Fig. 10). Tre veker etter sjøvassoverføringa (veke 3) hadde temperatur, men ikkje vaksine, gitt ein signifikant effekt på konsentrasjonen (Tab. 8). Uvaksinert fisk hadde signifikant lågare kalsiumkonsentrasjon i 16-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant lågare konsentrasjon i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 16-16 temperaturregimet. Vaksinert fisk i 10-10 temperaturregimet var ikkje signifikant forskjellig frå nokon av dei andre temperaturregima (Fig. 10).

Seks veker etter sjøvassoverføring (veke 6) hadde ikkje temperatur, men derimot vaksine, hatt ein signifikant effekt på kalsiumkonsentrasjonen i serum (Fig. 10, Tab. 8). Det var òg ein signifikant interaksjon mellom variablane (Tab. 8), slik at vaksine gav tildriv til auke i kalsiumkonsentrasjonen i 10-10 temperaturregimet og tildriv til reduksjon i dei andre temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant lågare kalsiumkonsentrasjon enn uvaksinert i 16-16 og 16-10 temperaturregima, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell i dei andre temperaturregima (Fig. 10).

Dei viktigaste resultatata frå kalsiumprøvane kan oppsummerast med at både vaksinert og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare kalsiumkonsentrasjon i 10-10 og 10-16 temperaturregima enn i 16-10 og 16-16 temperaturregima tre veker før sjøvassoverføring. Ved sjøvassoverføring var det eit svakt tildriv til det same. Vidare utover i sjøvassperioden hadde temperatur og vaksining derimot varierende effektar, og det var ingen klar samanheng mellom kalsiumkonsentrasjonen og behandlinga.

3.2.4 Fosfat i serum

Fosfatkonsentrasjonen i serum sank generelt sett hjå all fisken frå forsøksstart til tre veker etter sjøvassoverføring. Seks veker etter sjøvassoverføring hadde fosfatkonsentrasjonen i dei fleste gruppene gått opp igjen (Fig. 11).



Figur 11: Fosfatkonsentrasjon i serum (gjennomsnitt \pm S.E) ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase ($n = 39$ i veke -6, $n = 16$; 4 per kar, i veke -3, 0, +3 og +6). I veke -6 vart gjennomsnittet av heile fiskebestanden vist, då fisken ikkje hadde blitt fordelt på ulike grupper ved første prøvetaking. Gjennomsnitt med same bokstavar innafør eit tidspunkt er ikkje signifikant ulike ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

Tre veker før sjøvassoverføring (veke -3) hadde vaksine, men ikkje temperatur, gitt ein signifikant effekt på fosfatkonsentrasjonen i serum (Fig. 11, Tab. 9). Vaksinert fisk hadde signifikant lågare fosfatkonsentrasjon enn uvaksinert i 16-10 temperaturregimet, medan det ikkje var nokon signifikante forskjellar mellom vaksinert og uvaksinert fisk i dei andre temperaturregima (Fig. 11).

Tabell 9: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test for fosfatkonsentrasjon i serum ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase. Individua vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendige statistiske testar er lagt ved i appendiks C, Tab. C25-C26.

Variabel	Veker før/ etter sjøvassoverføring			
	-3	0	3	6
Temperatur	0,1060	0,0000	0,0000	0,0004
Vaksine	0,0127	0,0001	0,1143	0,0248
Interaksjon	0,4648	0,3238	0,5565	0,0104

Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt på fosfatkonsentrasjonen (Fig. 11, Tab. 9). Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare fosfatkonsentrasjon i 10-10 og 10-16 temperaturregima enn i 16-16 og 16-10 temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare fosfatkonsentrasjon i 10-10 temperaturregimet enn i 16-16 og 16-10 temperaturregimet, og i 10-16 temperaturregimet enn i 16-10 temperaturregimet. Innafor temperaturregima var det eit tildriv til at vaksinert fisk hadde høgare fosfatkonsentrasjon enn uvaksinert, men det var berre i 10-10 temperaturregimet at forskjellen var signifikant (Fig. 11).

Tre veker etter sjøvassoverføring (veke +3) hadde temperatur, men ikkje vaksine, hatt ein signifikant effekt på fosfatkonsentrasjonen (Fig. 11, Tab. 9). Uvaksinert fisk hadde signifikant lågare fosfatkonsentrasjon i 16-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima, medan vaksinert fisk hadde signifikant lågare fosfatkonsentrasjon i 16-10 og 16-16 temperaturregima enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima (Fig. 11).

Seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6) hadde både temperatur og vaksine hatt ein signifikant effekt på fosfatkonsentrasjonen (Fig. 11, Tab. 9). Uvaksinerte fisk hadde signifikant høgare fosfatkonsentrasjon i 16-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare konsentrasjon i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre regima (Fig. 11). Det var òg ein signifikant interaksjon mellom temperatur og vaksineeffekten (Tab. 9), slik at vaksinert fisk hadde signifikant lågare fosfatkonsentrasjon enn uvaksinert i 16-10 og 16-16 temperaturregima, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell i dei andre temperaturregima.

Oppsummeringsvis hadde temperatur ein signifikant effekt på fosfatkonsentrasjonen frå sjøvassoverføring til seks veker etter sjøvassoverføring, medan effekten av vaksininga var meir variabel. Frå tre veker før sjøvassoverføring og fram til tre veker etter sjøvassoverføring var det ein tendens til at både vaksinert og uvaksinert fisk hadde høgare fosfatkonsentrasjon i 10-10 og 10-16 temperaturregima enn i 16-16 og 16-10 temperaturregima. Seks veker etter sjøvassoverføring skilte dei uvaksinerte fiskane i 16-10 temperaturregimet seg ut ved å ha signifikant høgare fosfatkonsentrasjon enn dei andre gruppene.

3.3 Ryggvirvelmorfologi


Rådata for virvellengd er lagt ved i appendiks B, Fig. B1.

3.3.1 Intervertebralrom og samanheng mellom intervertebralrom og mineralinnhald i virvlar

Intervertebralrom under smoltifisering og tidleg sjøvassfase

Intervertebralrommet auka ein del frå seks veker før sjøvassoverføring til sjøvassoverføring, og deretter kraftig til seks veker etter sjøvassoverføring, særleg i fremre og bakre haleregion (Fig. 12 A, B, C).

Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde temperatur, men ikkje vaksine hatt ein signifikant effekt på intervertebralrommet i fremre bukregion (Fig. 12 B, Tab. 10). Vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet, og signifikant mindre intervertebralrom i 10-16 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima. Det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima hjå uvaksinert fisk (Fig. 12 B). I bakre bukregion hadde temperatur, men ikkje vaksine hatt signifikant effekt (Tab. 10). Både høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima, medan 16-16 temperaturregimet ikkje var forskjellig frå nokon av dei andre temperaturregima (Fig. 12 B). I fremre haleregion hadde både temperatur og vaksine hatt signifikant effekt (Tab. 10). Uvaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima, medan 16-16 temperaturregimet ikkje var forskjellig frå nokon av dei andre temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima. Det var ingen signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Fig. 12 B). I bakre haleregion hadde temperatur, men ikkje vaksine, gitt ein signifikant effekt (Tab. 10). Uvaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima, medan 16-16 temperaturregimet ikkje var forskjellig frå nokon av dei andre. Vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 og 16-16 temperaturregima enn i 10-10 temperaturregimet, medan 10-16 temperaturregimet ikkje var forskjellig frå nokon av dei andre (Fig. 12 B).



Figur 12: Intervertebralrom (som % lengd av total ryggøyelengd)(gjennomsnitt \pm S.E.) i ulike regionar i virvelsøyla; R1 (fremre bukregion, virvel nr 1-8), R2 (bakre bukregion, virvel nr 9-30), R3 (fremre haleregion, virvel nr 31-49) og R4 (bakre haleregion, virvel nr 50-58). (A) Intervertebralrom (gjennomsnitt for heile fiskebestanden, n = 39) seks veker før sjøvassoverføring. (B) Intervertebralrom (n = 16, 4 per kar) ved sjøvassoverføring. (C) Intervertebralrom (n = 16, 4 per kar) seks veker etter sjøvassoverføring. Små bokstavar angir signifikante forskjellar i gjennomsnittleg intervertebralrom per fisk per region mellom gruppene.

Oppsummeringsvis hadde temperatur ein signifikant effekt på intervertebralrommet i alle regionane ved sjøvassoverføring (veke 0). Høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima over mesteparten av ryggspyla. Vaksinert og uvaksinert fisk i 16-16 temperaturregimet hadde for det meste intervertebralrom som låg mellom 16-10 temperaturregimet, og 10-10 og 10-16 temperaturregima i storleik.


Tabell 10: p-verdiar frå tovegs ANOVA-test for intervertebralrom (som % av ryggspyllengd) ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Intervertebralromma vart gitt som snitt per fisk per region grunna store variasjonar over ryggspyla. Individua vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendige statistiske testar for intervertebralrom er lagt ved i appendiks C, Tab. C28-C31.

Region	Variabel	Veker etter sjøvassoverføring	
		0	6
Fremre bukregion (R1)	Temperatur	0,0013	0,0000
Fremre bukregion (R1)	Vaksine	0,4409	0,0290
Fremre bukregion (R1)	Interaksjon	0,3822	0,1339
Bakre bukregion (R2)	Temperatur	0,0000	0,0000
Bakre bukregion (R2)	Vaksine	0,0611	0,0011
Bakre bukregion (R2)	Interaksjon	0,6066	0,1632
Fremre haleregion (R3)	Temperatur	0,0000	0,0000
Fremre haleregion (R3)	Vaksine	0,0136	0,0004
Fremre haleregion (R3)	Interaksjon	0,2735	0,2250
Bakre haleregion (R4)	Temperatur	0,0000	0,0002
Bakre haleregion (R4)	Vaksine	0,1935	0,0001
Bakre haleregion (R4)	Interaksjon	0,4417	0,2546

Seks veker etter sjøvassoverføring hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt på intervertebralrommet i alle regionane (Fig. 12 C, Tab. 10). Døme på røntgenbilete av virvel nr 40-43 med tilstøytande intervertebralrom er vist i Fig. 13. I fremre bukregion hadde uvaksinert fisk signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 10-10 regima, og i 16-16 og 10-16 regima enn i 10-10 regimet. Vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima, og i 16-16 temperaturregimet enn i 10-10 temperaturregimet. Det var ein ikkje-signifikant tendens til at uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom enn vaksinert i 16-16, 16-10 og 10-16 temperaturregima. I bakre bukregion hadde uvaksinert fisk signifikant større intervertebralrom i 16-10 og 16-16 temperaturregima enn i 10-16 og 10-10 temperaturregima. Vaksinerte fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-16 og 10-10 regima, og i 16-16 regimet enn i 10-10 regimet. Slik som i fremre bukregion var det ein ikkje-signifikant tendens til at uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom enn vaksinert i 16-16, 16-10 og 10-16 temperaturregima. I fremre haleregion

hadde uvaksinert fisk signifikant mindre intervertebralrom i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre regima. Vaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 regimet, medan 10-16 og 16-16 regima ikkje var signifikant forskjellig frå nokon av dei andre temperaturregima. Det var tendensar til at uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom enn vaksinert i 16-16, 16-10 og 10-16 temperaturregima, men det var berre i 16-16 regimet at forskjellen var signifikant. I bakre haleregion hadde uvaksinert fisk signifikant mindre intervertebralrom i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre regima, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell mellom temperaturregima hjå vaksinert fisk. Uvaksinert fisk hadde signifikant større intervertebralrom enn vaksinert i alle temperaturregima bortsett frå 10-10 regimet (Fig. 12 C).


Oppsummeringsvis hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt på storleiken til intervertebralromma i alle regionane seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6). Både vaksinert og uvaksinert fisk hadde tendensar til å ha større intervertebralrom i 16-10, 16-16 og i mindre grad i 10-16 temperaturregiet, enn i 10-10 temperaturregimet. Bortsett frå i 10-10 temperaturregimet, var det tendensar til at uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom enn vaksinert fisk innafør temperaturregima.



Figur 13: Røntgenbilette av virvel nr 40-43 seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6). Figuren viser intervertebralrom frå vaksinert og uvaksinert fisk med storleik nær gjennomsnittet for dei ulike temperaturregima. Bileta er sortert etter minkande intervertebralrom; (A) 16-10U, (B) 16-16U, (C) 16-10V, (D) 10-16U, (E) 16-16V, (F) 10-16V, (G) 10-10U og (H) 10-10V.

Samanheng mellom storleik på intervertebralrom og mineralinnhald i virvlar under smoltfisering og tidleg sjøvassfase


Det var ein signifikant negativ korrelasjon mellom storleiken på intervertebralromma og mineralinnhaldet i virvlane ved både sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring, men ikkje ved forsøksstart (Fig. 14 A, B, C). Ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring kunne høvesvis 40 % og 63 % av variasjonen i intervertebralromma forklarast med variasjon i mineralinnhaldet i virvlane.



Figur 14: Korrelasjon mellom mineralinnhald (% av virveltørrvekt) og intervertebralrom (% av ryggøylelengde) (A) seks veker før sjøvassoverføring, (B) ved sjøvassoverføring og (C) seks veker etter sjøvassoverføring. Mineralinnhaldet er målt som samleprøvar med virvel nr 40-43, og intervertebralrommet er gitt som gjennomsnittleg intervertebralrom mellom virvel nr 40-43.

Intervertebralrom 42 veker etter sjøvassoverføring

Intervertebralromma 42 veker etter sjøvassoverføring vart oppgitt som % av fiskelengd (gaffelleng) i staden for % av ryggspøylelengd, då berre deler av ryggspøyla vart analysert for virvellengd og intervertebralromlengd. Ved dette tidspunktet hadde temperatur, men ikkje vaksine, hatt ein signifikant effekt på storleiken av intervertebralromma mellom virvel nr 40 til 44 (Tab. 11). Uvaksinert fisk i 10-10 temperaturregimet hadde signifikant mindre intervertebralrom enn uvaksinert fisk i dei andre temperaturregima, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell mellom temperaturregima hjå vaksinert fisk (Fig. 15).



Figur 15: Gjennomsnittleg intervertebralrom som % av fiskelengd (\pm S.E.) per individ ($n = 48-54$) mellom virvel nr 40-44, 42 veker etter sjøvassoverføring. Ulike små bokstavar angir signifikant forskjellig gjennomsnittleg intervertebralrom mellom dei ulike behandlingane.

Tabell 11: p-verdiar frå tovegs ANOVA for intervertebralrom (som % lengd av fiskelengd) 42 veker etter sjøvassoverføring. Fullstendige statistiske testar er vist i appendiks C, Tab. C32-C33.

Variabel	p-verdi
Temperatur	0,0004
Vaksine	0,4928
Interaksjon	0,1952

3.3.2 Lengd/diameterforhold og samanheng mellom lengd/diameterforhold og mineralinnhald i virvlar


Lengd/diameterforhold hjå virvlar under smoltifisering og tidleg sjøvassfase

Forholdet mellom lengd og diameter (L/D-forhold) til ryggvirvlar hadde sterke regionale forskjellar i virvelsøyla (Fig. 16 A, B, C). Fremre haleregion hadde dei største L/D-forholda, medan fremre bukregion og bakre haleregion fekk dei minste L/D-forholda.

Ved sjøvassoverføring (veke 0) hadde verken temperatur eller vaksine gitt nokon signifikant effekt på L/D-forholdet i fremre bukregion (Fig. 16 B, Tab. 12). I bakre bukregion hadde både temperatur og vaksine hatt ein signifikant effekt (Tab. 12), men det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima for verken vaksinert eller uvaksinert fisk, og heller ikkje mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Fig. 16 B). I fremre haleregion hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt (Tab. 12). Uvaksinert fisk hadde signifikant lågare L/D-forhold i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 og 10-16 temperaturregimet, medan temperaturregima ikkje hadde gitt nokon signifikant effekt hjå vaksinert fisk. Det var ingen forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Fig. 16 B). I bakre haleregion hadde temperatur, men ikkje vaksine, gitt ein signifikant effekt (Tab. 12). Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare L/D-forhold i 10-10 temperaturregimet enn i 16-10 temperaturregimet, medan det ikkje var nokon signifikant forskjell mellom dei andre temperaturregima. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare L/D-forhold i 10-10 temperaturregimet enn i 16-10 og 16-16 temperaturregima (Fig. 16 B).

Tabell 12: p-verdiar frå tovegs ANOVA for lengd/diameterforhold til virvlar ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase. Grunna store variasjonar over ryggøyyla, vart L/D-forholdet gitt som snitt per region per fisk. Individu vart nøsta i kar for å minimere eventuelle kareffektar. Fullstendige statistiske testar for L/D-forhold ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase er lagt ved i appendiks C, Tab. C35-C38.

Region	Variabel	Veker etter sjøvassoverføring	
		0	6
Fremre bukregion (R1)	Temperatur	0,0538	0,0007
Fremre bukregion (R1)	Vaksine	0,7268	0,0089
Fremre bukregion (R1)	Interaksjon	0,8091	0,8571
Bakre bukregion (R2)	Temperatur	0,0215	0,0002
Bakre bukregion (R2)	Vaksine	0,0230	0,8864
Bakre bukregion (R2)	Interaksjon	0,7475	0,6210
Fremre haleregion (R3)	Temperatur	0,0000	0,0011
Fremre haleregion (R3)	Vaksine	0,0012	0,1428
Fremre haleregion (R3)	Interaksjon	0,3247	0,1752
Bakre haleregion (R4)	Temperatur	0,0000	0,0667
Bakre haleregion (R4)	Vaksine	0,4603	0,7831
Bakre haleregion (R4)	Interaksjon	0,6103	0,7838




Figur 16: Virvellengd/diameterforhold i ulike regionar av virvelsøyla; R1 (fremre bukregion, virvel nr 1-8), R2 (bakre bukregion, virvel nr 9-30), R3 (fremre haleregion, virvel nr 31-49) og R4 (bakre haleregion, virvel nr 50-58). (A) Lengd/diameterforhold (gjennomsnitt for heile fiskebestanden \pm S.E, $n = 39$) seks veker før sjøvassoverføring. (B) Lengd/diameterforhold (gjennomsnitt, $n = 16$; 4 per kar) ved sjøvassoverføring. (C) Lengd/diameterforhold (gjennomsnitt, $n = 16$; 4 per kar) seks veker etter sjøvassoverføring. Gjennomsnitt med same bokstavar innafor dei ulike regionane er ikkje signifikant ulike ($p > 0,05$) ved Newman-Keuls test.

Samanfatta hadde høvesvis vaksinert og uvaksinert fisk i 10-10 og 10-16 temperaturregima ein tendens til å ha høgare, men ikkje alltid signifikant høgare, L/D-forhold enn vaksinert og uvaksinert fisk i 16-16 og 16-10 temperaturregima over heile ryggsøyla ved sjøvassoverføring (Fig. 16 B). I bakre bukregion og fremre haleregion var det ein tendens til at dei uvaksinerte fiskane hadde høgare L/D-forhold enn dei vaksinerte innafor temperaturregima, men forskjellane var ikkje signifikante.

Seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6) hadde både temperatur og vaksine gitt ein signifikant effekt på L/D-forholdet i fremre bukregion (Tab. 12), men det var ingen signifikant forskjell mellom temperaturregima verken for vaksinert eller uvaksinert fisk, og heller ikkje mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Fig. 16 C). Figur 17 viser røntgenbilete av virvel nr 40-43 frå vaksinert og uvaksinert fisk med L/D-forhold nær gjennomsnittet for dei ulike temperaturregima. I bakre bukregion hadde temperatur gitt ein signifikant effekt (Tab. 12), og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare L/D-forhold i 10-10 temperaturregimet enn i 16-16 temperaturregimet (Fig. 16 C). Temperatur hadde og gitt ein signifikant effekt i fremre haleregion (Tab. 12), der uvaksinert fisk hadde signifikant høgare L/D-forhold i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima (Fig. 16 C). Verken temperatur eller vaksine hadde gitt nokon effekt i bakre haleregion (Tab. 12).


L/D resultatata frå seks veker etter sjøvassoverføring kan oppsummerast med at temperatur hadde gitt ein signifikant effekt i heile bukregionen og i den fremre haleregionen, medan vaksine berre hadde gitt ein signifikant effekt i fremre bukregion. Uvaksinert fisk i 10-10 temperaturregimet hadde signifikant høgare L/D-forhold enn både vaksinert og uvaksinert fisk frå alle dei andre temperaturregima i fremre haleregion. I resten av ryggsøyla var forskjellane i L/D-forholdet mindre, men der var like fullt ein svake tendens til at uvaksinert fisk i 10-10 temperaturregimet hadde høgare L/D-forhold enn dei andre temperaturregima.



Figur 17: Røntgenbilete av virvel nr 40-43 seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6). Figuren viser virvlar frå vaksinert og uvaksinert fisk med L/D-forhold nær gjennomsnittet for dei ulike temperaturregima. Bileta er sortert etter minkande L/D-forhold; (A) 10-10U, (B) 10-16V, (C) 10-10V, (D) 10-16U, (E) 16-10U, (F) 16-10V, (G) 16-16 U, (H) 16-16V.

Samanheng mellom lengd/diameterforhold og mineralinnhald i virvlar under smoltifisering og tidleg sjøvassfase


Det var ein signifikant positiv korrelasjon mellom lengd/diameterforholdet og mineralinnhaldet i virvlar både ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring, men ikkje ved forsøksstart (Fig. 18 A, B, C). Ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring kunne høvesvis 25 % og 9 % av variasjonen i virvellengd/diameterforholdet forklarast med variasjon i mineralinnhaldet i virvlane.



Figur 18: Korrelasjon mellom lengd/diameterforhold og mineralinnhald (som % av tørrvekt) i virvlar (A) seks veker før sjøvassoverføring, (B) ved sjøvassoverføring og (C) seks veker etter sjøvassoverføring. Lengd/diameterforholdet er gitt som gjennomsnittleg L/D-forhold til virvel nr 40-43 og mineralinnhaldet er målt som samleprøvar med dei same virvlane.

Lengd/diameterforhold hjå virvlar 42 veker etter sjøvassoverføring

Temperatur, men ikkje vaksine, hadde hatt ein signifikant effekt på det gjennomsnittlege L/D-forholdet i virvel nr 40-43, 42 veker etter sjøvassoverføring (Fig. 19, Tab. 13). Både vaksinert og uvaksinert fisk hadde signifikant høgare L/D forhold i 10-10 temperaturregimet enn i dei andre temperaturregima (Fig. 19).



Figur 19: Lengd/diameterforhold i virvel nr 40-43 (gjennomsnitt per individ, n = 48-54), 42 veker etter sjøvassoverføring. Ulike små bokstavar angir signifikant forskjellig ($p \leq 0,05$) L/D-forhold i gruppene, testa med Newman-Keuls test.


Tabell 13: p-verdiar frå tovegs ANOVA for L/D-forhold i virvel nr 40-43, 42 veker etter sjøvassoverføring. Analysen var utført på arcsinustransformerte gjennomsnittlege L/D-forhold per individ. Fullstendige statistiske testar for L/D-forholdet i virvel nr 40-43 42 veker etter sjøvassoverføring er lagt ved i appendiks C, Tab. C39-C40.

Variabel	p-verdi
Temperatur	0,0000
Vaksine	0,0503
Interaksjon	0,4175

3.4 Deformasjonar

3.4.1 Virveldeformasjonar ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase

Verken temperatur eller vaksine hadde gitt nokon signifikant effekt på innslaget av fisk med minst ein deformert virvel ved sjøvassoverføring (veke 0) og seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6) (Fig. 20, Tab. 14). Det var ein ikkje-signifikant tendens til at uvaksinert fisk hadde høgare innslag av deformerte individ enn vaksinert fisk seks veker etter sjøvassoverføring. Samla sett var prevalensen av fisk med virveldeformasjonar 23,0 % seks veker før sjøvassoverføring, 16,8 % ved sjøvassoverføring og 20,7 % seks veker etter sjøvassoverføring.



Figur 20: Innslag av individ med minst ein virveldeformasjon (ankylose eller kompresjon) seks veker før sjøvassoverføring (A) (n = 39), ved sjøvassoverføring (B) (n = 32; 8 per kar) og seks veker etter sjøvassoverføring (C) (n = 32; 8 per kar). Det var ingen signifikante forskjellar mellom temperaturregima eller mellom vaksinert og uvaksinert fisk.


Tabell 14: p-verdiar frå Pearsons kji-kvadrattest for effekten av temperatur og vaksine på innslaget av fisk med ryggvirveldeformasjonar (ankylose og tydelege kompresjonar) ved sjøvassoverføring (veke 0) og seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6). p-verdiane angir sannsynet for at gruppene har lik frekvensfordeling. Fullstendige statistiske testar for innslaget av fisk med deformerte virvlar er lagt ved i appendiks C, tabell C42.

Veker etter sjøvassoverføring	Variabel	Testa på	p-verdi
0	Temperatur	Vaksinert fisk	0,6983
0	Temperatur	Uvaksinert fisk	0,8138
0	Vaksine	16-10 regime	1,0000
0	Vaksine	10-16 regime	0,3202
0	Vaksine	16-16 regime	0,7560
0	Vaksine	10-10 regime	0,7404
6	Temperatur	Vaksinert fisk	0,7308
6	Temperatur	Uvaksinert fisk	0,9334
6	Vaksine	16-10 regime	0,2002
6	Vaksine	10-16 regime	0,0976
6	Vaksine	16-16 regime	0,1401
6	Vaksine	10-10 regime	0,3760

Verken temperatur eller vaksine hadde gitt nokon signifikant effekt på innslag av deformerte virvlar per individ ved nokon av tidspunkta (Fig. 21, Tab 15). Seks veker etter sjøvassoverføring var det ein svak, ikkje signifikant tendens til at uvaksinert fisk hadde høgare innslag av deformerte virvlar pr individ enn vaksinert fisk.

Den samla frekvensen av deformerte virvlar var 0,90 % seks veker før sjøvassoverføring (veke -6), 0,76 % ved sjøvassoverføring (veke 0) og 0,98 % seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6). Seks veker før sjøvassoverføring (veke -6) var alle deformasjonane kompresjonar (sjå døme på røntgenbilete av kompresjon i Fig. 27 B & C). Ved sjøvassoverføring (veke 0) var 83,6 % av deformasjonane kompresjonar og 16,4 % ankyloser (sjå døme på røntgenbilete av ankylose i Fig. 27 D; E & F). Seks veker etter sjøvassoverføring (veke +6) var 18,5 % ankyloser og 81,5 % kompresjonar. Frekvensen av ankyloser og kompresjonar for vaksinert og uvaksinert fisk ved ulike temperaturregime, fordelt på ulike regionar av ryggsgøyla, er lagt ved i appendiks B, tabell B1.

Oppsummeringsvis hadde verken temperatur eller vaksine hatt nokon signifikant effekt på innslaget av individ med virveldeformasjonar eller innslaget av deformerte virvlar pr individ sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Innslaget av individ med deformerte virvlar auka heller ikkje frå forsøksstart til seks veker etter sjøvassoverføring.



Figur 21: Innslag av deformerte virvlar per fisk (A) seks veker før sjøvassoverføring (n = 39), (B) ved sjøvassoverføring (n = 32; 8 per kar) og (C) seks veker etter sjøvassoverføring (n = 32; 8 per kar). Det var ingen signifikante forskjellar mellom temperaturregima eller vaksinert og uvaksinert fisk.


Tabell 15: Einvegs ikkje-parametriske ANOVA testar for prosent deformerte virvlar per individ ved sjøvassoverføring (veke 0) og seks veker etter sjøvassoverføring (veke 6). Fullstendige statistisk testar for innslaget av deformerte virvlar per individ er lagt ved i appendiks C, tabell C43-C44.

Veker etter sjøvassoverføring	Variabel	Testa på	p-verdi	Signifikanstest
0	Temperatur	Vaksinert fisk	0,6611	Kruskal-Wallis test
0	Temperatur	Uvaksinert fisk	0,6868	Kruskal-Wallis test
0	Vaksine	16-10 regime	0,9839	Man-Witney U-test
0	Vaksine	10-16 regime	0,4441	Man-Witney U-test
0	Vaksine	16-16 regime	0,8720	Man-Witney U-test
0	Vaksine	10-10 regime	0,7883	Man-Witney U-test
6	Temperatur	Vaksinert fisk	0,7305	Kruskal-Wallis test
6	Temperatur	Uvaksinert fisk	0,9305	Kruskal-Wallis test
6	Vaksine	16-10 regime	0,3683	Man-Witney U-test
6	Vaksine	10-16 regime	0,2709	Man-Witney U-test
6	Vaksine	16-16 regime	0,2167	Man-Witney U-test
6	Vaksine	10-10 regime	0,5192	Man-Witney U-test

3.4.2 Deformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring

Ytre teikn på deformasjonar

Temperatur, men ikkje vaksine, hadde gitt ein signifikant effekt på innslag av fisk med ytre teikn på virveldeformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring (Fig. 23, Tab. 16). Døme på fisk med og utan ytre teikn på deformasjonar er vist i figur 24. Både vaksinert og uvaksinert fisk hadde høgare innslag av ytre teikn på deformasjonar i 16-16 og 10-16 temperaturregima enn i 10-10 og 10-16 temperaturregima. I tillegg var det ein ikkje-signifikant tendens til at både vaksinert og uvaksinert fisk i 16-16 temperaturregima hadde høgare deformasjonsinnslag enn 10-16 temperaturregimet (Fig. 23).



Figur 23: Innslag av individ med ytre teikn på virveldeformasjonar (n = 68 – 94), 42 veker etter sjøvassoverføring. Høvevis vaksinert og uvaksinert fisk med ulike små bokstavar har signifikant forskjellig deformasjonsinnslag mellom temperaturregima (testa med parvis Pearson kji-kvadrattest og sekvensell bonferronikorleksjon). Det var ingen signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima.

Tabell 16: p-verdiar frå Pearson Kji-kvadrattest for fisk med ytre teikn på virveldeformasjonar 42 veker etter sjøvassoverføring. Effekten av temperatur vart testa for vaksinert og uvaksinert fisk kvar for seg, og effekten av vaksine vart testa for dei ulike temperaturregima kvar for seg. Fullstendige statistiske testar for fisk med ytre teikn på virveldeformasjonar er lagt ved i appendiks C, tabell C45-C46.

Variabel	Testa på	p-verdi
Temperatur	Vaksinert fisk	0,0018
Temperatur	Uvaksinert fisk	0,0036
Vaksine	16-10 regime	0,9605
Vaksine	10-16 regime	0,8887
Vaksine	16-16 regime	0,5095
Vaksine	10-10 regime	0,1613




Figur 24: Fisk undersøkt for ytre teikn på virveldeformasjonar ved hjelp av palpering. (A) Fisk utan ytre teikn på virveldeformasjonar. (B) Fisk med deformasjonar lokalisert i bakre del av ryggspyla (bak bakre kant av ryggfinna). (C) Fisk med deformatsjon lokalisert i fremre del av ryggspyla (mellom bakre kant av gjellelokket og bakre kant av ryggfinna).

Av fisk med ytre teikn på virveldeformasjonar var 77,6 % av deformasjonane lokalisert i bakre del av ryggspyla og 22,4 % i fremre del av ryggspyla (sjå døme i Fig. 24). Rådata for vaksinert og uvaksinert fisk ved ulike temperaturregime er lagt ved i appendiks B, tabell B2.

Deformasjonar basert på radiologiske undersøkingar

Temperaturregime hadde ein signifikant effekt på innslag av fisk med minst ein deformert virvel 42 veker etter sjøvassoverføring (Fig. 25, Tab. 17). Uvaksinert fisk hadde signifikant høgare innslag av deformert fisk i 16-16 og 16-10 temperaturregima enn dei andre regima, og i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 regimet. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare innslag i 16-16 og 10-16 temperaturregima enn i 16-10 og 10-10 temperaturregima. Det var òg eit ikkje-signifikant tildriv til høgare innslag av deformert fisk i 16-10 temperaturregimet enn i 10-10 temperaturregimet (Fig. 25). Vaksine hadde ikkje nokon signifikant effekt innafor nokon av temperaturregima (Tab. 17).




Figur 25: Innslag av fisk med virveldeformasjonar (n = 48 – 52), basert på røntgenundersøking, 42 veker etter sjøvassoverføring. Fisk med minst ein deformert virvel vart kategorisert som deformert. Høvevis vaksinert og uvaksinert fisk med ulike små bokstavar har signifikant forskjellig deformasjonsinnslag mellom temperaturregima (testa med parvis Pearson kji-kvadrattest og sekvensell bonferronkorreksjon). Det var ingen signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima.

Tabell 17: p-verdiar frå Pearson Kji-kvadrattest for fisk med minst ein virveldeformasjon, 42 veker etter sjøvassoverføring. Effekten av temperatur vart testa for vaksinert og uvaksinert fisk kvar for seg, og effekten av vaksine vart testa for dei ulike temperaturregima kvar for seg. Fullstendige statistiske testar for innslag av fisk med virveldeformasjonar er lagt ved i appendiks C, Tab. C47-C48.

Variabel	Testa på	p-verdi
Temperatur	Vaksinert fisk	0,0000
Temperatur	Uvaksinert fisk	0,0000
Vaksine	16-10 regime	0,5944
Vaksine	10-16 regime	0,3559
Vaksine	16-16 regime	0,7509
Vaksine	10-10 regime	0,0701

Temperatur hadde gitt ein signifikant effekt på mengd deformerte virvlar per individ hjå både vaksinert og uvaksinert fisk med minst ein deformert virvel (Fig. 26, Tab. 18), 42 veker etter sjøvassoverføring. Uvaksinerte fisk hadde signifikant høgare innslag av deformerte virvlar i 16-16 og 10-16 temperaturregima enn i 16-10 og 10-10 regima. Vaksinert fisk hadde signifikant høgare innslag av deformerte virvlar i 16-16 og 10-16 temperaturregimet enn i 10-10 regimet, medan individa i 16-10 temperaturregimet ikkje var signifikant forskjellig frå nokon av dei andre temperaturregima (Fig. 26). Vaksine hadde berre gitt effekt i 16-10 temperaturregimet (Tab. 18), der vaksinert fisk hadde signifikant fleire deformerte virvlar per individ enn uvaksinert (Fig. 26).




Figur 26: prosent deformerte virvlar per individ (n = 14 – 46) hjå fisk med virveldeformasjonar, 42 veker etter sjøvassoverføring. Ulike små bokstavar hjå høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk angir signifikant forskjellig innslag av deformerte virvlar (Kruskal-Wallis test) mellom temperaturregima. * angir signifikant forskjell mellom vaksinert og uvaksinert fisk innafor temperaturregima (Man-witney U-test).

Tabell 18: p-verdiar for effekten av temperatur og vaksine på mengd deformerte virvlar per deformert fisk, 42 veker etter sjøvassoverføring. Effekten av temperatur vart testa på uvaksinert og vaksinert fisk kvar for seg, og effekten av vaksine vart testa for kvar temperaturgruppe for seg. Fullstendige statistiske testar for mengd deformerte virvlar per individ hjå deformert fisk er lagt ved i appendiks C, tabell C49-C51.

Variabel	Testa på	p-verdi	Signifikanstest
Temperatur	Uvaksinert fisk	0,0000	Kruskal-Wallis test
Temperatur	Vaksinert fisk	0,0003	Kruskal-Wallis test
Vaksine	16-10	0,0039	Man-Witney U-test
Vaksine	10-16	0,0947	Man-Witney U-test
Vaksine	10-10	0,5251	Man-Witney U-test
Vaksine	16-16	0,6795	Man-Witney U-test

Av dei deformerte virvlane 42 veker etter sjøvassoverføring var 79,9 % kompresjonar, 18,5 % ankyloser og 1,7 % dislokasjonar (sjå døme på røntgenbilete Fig. 27). Frekvensen av dei ulike deformasjonstypane fordelt på ulike regionar for vaksinert og uvaksinert fisk i ulike temperaturregime er lagt ved i appendiks B, Tab. B1.



Figur 27: Røntgenbilde av normale og deformerte virvlar hjå haustsmolt 42 veker etter sjøvassoverføring. Komprimerte virvlar er indikert med grønne pilhovud, ankyloser med blå pilhovud og dislokasjonar med raude pilhovud. (A) Normale virvlar, nr 43-48 (B) Kompresjon i virvel nr 41-42 og virvel nr 45-46. (C) Kompresjon i virvel nr 40-46. (D) Ankylose og kompresjon i virvel nr 35-37 og kompresjon i virvel nr 38. (E) Ankylose og kompresjon i virvel nr 17-22 og kompresjon i virvel nr 23-25. (F) Ankylose i virvel nr 36-37, dislokasjon mellom virvel nr 38-41 og ankylose og kompresjon i virvel nr 41-42.

Oppsummeringsvis hadde 16-16 og 10-16 temperaturregima signifikant høgare innslag av individ med ytre teikn på virveldeformasjonar, signifikant høgare innslag av individ med minst ein deformert virvel, og for det meste signifikant fleire deformerte virvlar pr deformert fisk, enn 10-10 og 16-10 temperaturregima ved slakt. Det var òg ein tendens til at 16-10 temperaturregimet hadde høgare innslag av individ med minst ein deformert virvel enn 10-10 temperaturregimet. Vaksine hadde hatt svært liten eller ingen effekt på deformasjonsdanninga.

4. Diskusjon

4.1 Metodediskusjon

4.1.1 Temperatur

Vasstemperaturane som vart brukt i den eksperimentelle perioden vart valt på grunnlag av vekstresultat frå tidlegare forsøk. Ein ferskvasstemperatur på 16 °C har i fleire forsøk gitt den høgaste veksthastigheita, medan 10 °C har gitt ein meir moderat vekst (Johnston & Saunders, 1981, Austreng et al., 1987, Dwyer & Piper, 1987). Liknande vekstresultat har òg blitt vist i sjøvassperioden (Austreng et al., 1987, Handeland et al., 2008). Dei valte temperaturane er òg relevante med omsyn til kva temperaturar ein finn både i ferskvassfasen og sjøvassfasen i kommersiell oppdrett. Undersøkingar frå ei rekke norske settefiskanlegg frå 1999-2001 viste at vasstemperaturen i kar ei veke før sjøvassoverføring var mellom 3 °C og 16 °C (Åtland et al., 2007). I 2007 viste temperaturmålingar av overflatevatn mellom Bergen og Kirkenes temperaturar mellom 8 °C og 17 °C i august, mellom 8 °C og 14 °C i september, mellom 7 °C og 12 °C i oktober og mellom 4 °C og 10 °C i november (<http://data.nodc.no/termograf/>). Dette betyr at haustsmolt som vert sett ut tidleg om hausten kan oppleve 16 °C i den tidlege sjøvassfasen, medan haustsmolt som vert sett ut seinare sannsynlegvis får meir moderate temperaturar i denne perioden.

Grunna små dimensjonar på røyra som frakta vatn til blandestokkane, var det ikkje mogleg å berre bruke temperaturregulert vatn i eksperimentet. Dette gjorde det vanskeleg å halde temperaturane i kara stabile over heile ferskvassperioden, då det ikkje-tempererte vatnet varierte med utetemperaturane. Problemet var størst i 10 °C kara, då desse hadde størst del ikkje-temperert vatn. Parr vert utsett for liknande eller større temperaturvariasjonar i naturen, og det er lite truleg at temperaturvariasjonane verka stressande på fisken. I sjøvassperioden hadde kara som fekk 16 °C vatn eit par små temperaturhopp no og då. Årsaka til dette var at andre temperaturforsøk på forskingsstasjonen påverka temperaturen på det oppvarma vatnet i korte periodar. Variasjonane var like fullt ikkje større enn ± 2 °C. Data frå vertikale temperaturforskjellar og symjedjup i kommersielle oppdrettsanlegg på Vestlandet har indikert at laksen nokre plassar vert utsett for daglege temperatursvingingar heilt opp mot 8 °C (Johansson et al., 2007).

4.1.2 Oksygen og pH

Mattilsynet anbefalar ein pH på mellom 6,2 og 6,8 i innløpet, og ein oksygenmetting på mellom 80 – 100 % i utløpet frå laksefiskanlegg i ferskvassfasen (Mattilsynet, 2005). Både dei registrerte pH og oksygennivå låg for det meste innafor desse grensene, men i slutten av ferskvassperioden hadde eit par av temperaturregima eit oksygennivå ned mot 74 %. Det var inga teikn til at oksygenivåa i kara påverka veksten til fiskane i løpet perioden dei vart haldne i kar. Ikkje-optimale oksygenivå har vist

seg å kunne føre til redusert appetitt og vekst, og ved alvorlige tilfelle mistriksel og eventuell død (Staurnes et al., 1998).

Øg i sjøvassfasen er det anbefalt at oksygenmettinga ligg over 80 %. I eit studium der fire forskjellige anlegg vart observert, vart det likevel vist at to av anlegga hadde oksygennivå heilt ned mot 60 % somme stadar i merden (Johansson et al., 2007). Begynnande responsar for dårleg oksygennivå for marine anadrome laksefisk har blitt observert ved 78,5 % metting (Davis, 1975). Dei registrerte oksygennivåa i avløpsvatnet i dette forsøket låg for det meste mellom 75 % og 95 %. pH-verdiane haldt seg mellom 7,7 og 7,9 i alle kara. Dette er nær dei normale pH verdiane ein finn i sjøvatn, som er rundt 8 (Campbell, 1993). Etter overføring til merd vart det ikkje utført fleire oksygen- og pH-målingar, då all fisken var samla i same not.

4.1.3 Måling av vekstparameter

Vekta vart målt som våtvekt. Ulik mengd vatn på fisken vil dermed kunne påverke vektmålingane i mindre grad. For å minimere variasjonen i mengd vatn per fisk burde same person ha veid fisken under heile forsøket. Dette vart for det meste gjennomført innafor prøveuttaka, bortsett frå ved startuttaket (veke -6). Forekjellige personar som målte vekt, og små variasjonar i mengd vatn på fisken, kan moglegis vere årsaken til forskjellane ein såg i kondisjonsfaktoren ved dette uttaket (veke -6). Då fisken vart heilt tilfeldig fordelt i kara før lengd- og vekt vart målt, er det lite sannsynleg at det var ein faktisk biologisk forskjell mellom temperaturregima. Forskjellane i kondisjonfaktor ved startuttaket vert difor ikkje diskutert vidare i resultatdiskusjonen.

Det er ganske vanleg å svelte fisken før veking. Dette vart ikkje gjort i ferskvassfasen og den tidlege sjøvassfasen, då fôringa måtte blitt manuelt avslått i løpet av helga. Etersom fisken vart fôra kontinuerleg gjennom heile døgeret i denne perioden, vart heller ikkje forskjell i mageinnhald over tid rekna som eit problem. Etter at fisken vart overført til merd, vart dei haldt ved naturleg lys og berre fôra om dagen. Mage- og tarminnhald ville difor variere meir over tidsrommet prøveuttaket føregjekk, og fisken vart difor svelta i to døger før veking.

For å kunne diskutere korleis veksten i ulike tidsrom påverka parameter som t.d. beinmineralisering og deformasjonsdanning vart lengd og vektresultata nytta til å berekne dagleg lengdevekst og vektauke. Eit logaritmisk mål på vektauke (spesifikk vektauke, % dag⁻¹) vart valt i staden for absolutt vektauke (g dag⁻¹), då fisk aukar i vekt etter ein S-forma sesongmessig kurve (Ricker, 1979). Lengdeveksten vart derimot berekna som absolutt lengdevekst (lengdevekst, mm dag⁻¹), då det ikkje er vanleg å bruke logaritmiske vekstmål for lengd (Ricker, 1979).

4.1.4 Måling av mineralinnhald i ryggvirvlar

Mineralinnhaldet i virvlane vart målt som prosent mineralvekt av tørrvekt. Riktigheita av målingane var dermed avhengig av god reinsing og avfeitting av virvlane for å fjerne det som ikkje var beinvev, og fullstendig forbrenning av det organiske materialet.

Mellom virvlane var det til tider svært store mellomrom, spesielt hjå individ oppdretta ved 16 °C i ferskvatn. Det mjuke vevet mellom virvlane vart antatt å vere intervertebralligament og periostalligament, og vart dissekert bort. Det er mogleg at deler av dette vevet var ikkje-mineralisert osteoid (sjå diskusjon i kapittel 4.1.7). Dersom dei bortkutta delane faktisk var umineralisert osteoid, vil mineralinnhaldet i virvlane vere enda lågare, og forskjellane mellom temperaturregima vil vere større, enn kva som vart målt.

Kacem et al. (2000) fjerna vev frå ryggvirvlar ved å koke fisken lett og deretter børste virvlane reine i rennande vatn. Virvlane i vårt forsøk forsøket vart òg analysert for styrke, sjølv om det ikkje har blitt tatt med i denne oppgåva. Då det er vel kjent at høg temperatur kan denaturere protein, og dermed påverke styrken i beinet, vart det valt å ikkje koke fisken i dette forsøket. Virvlane vart i staden skrubba reine med neglebørste i lunka/varmt rennande vatn.

Det finnes mange metodar for å fjerne feitt frå bein. Fjellidal et al. (2004; 2005; 2006; 2007 b) avfeitta virvlar i heksanbad, Kacem et al. (1998; 2000) brukte ei blanding av aceton og trikloreten, Witten et al. (2006) og Gil Martens et al. (2006) nytta ei blanding av aceton og metanol, Clifton et al. (2008) brukte ammoniakk til å avfeitte ribbein frå sjøku, medan Chappard et al. (2006) brukte ei blanding av aceton og kloroform for å avfeitte menneskeknoklar. I ein test av utvalte avfeittingsmiddel, der heksan, ei blanding av aceton og kloroform, lut, ammoniakk, Zalo og Biotex vart utprøvd, vart det funne at blandinga av aceton og kloroform var det beste avfeittingsmiddelet (appendiks D). Metoden til Kacem et al. (1998; 2000) vart ikkje utprøvd grunna giftigheita til trikloreten (CAS nr 79-01-6), og blandinga av aceton og metanol vart ikkje utprøvd grunna mangel på materiale. Heksan viste seg å vere eit svært dårleg avfeittingsmiddel, og gav eit mineralresultat som var ca 10 % lågare enn ved avfeitting med aceton og kloroform. Ved samanlikning av mineralinnhald i virvlar mellom ulike forsøk, er det difor viktig å vite kva avfeittingsmetode som vart brukt.

Fjellidal et al. (2006) målte tørrvekta til virvlar etter å ha tørka dei ved 90 °C i varmeskap over natt. Mkukuma et al. (2004) fann at vatn fordampa frå skulderboge frå torsk ved rundt 100 °C. I dette forsøket vart difor virvlane tørka ved 100 °C .

Kacem et al. (2000) brente virvlar ved 750 °C i 6 timar for å fjerne alt det organiske materialet frå beinvevet. For å få ein meir skånsam brenning (både med omsyn på steinplatene i omnen og på

virvlane) vart det valt å brenne virvlane i eit trinnvis program (115 °C i 0,5 t, 540 °C i 4 t, og 750 °C i 6 t). Dette var ein litt kortare variant av metoden brukt av Fjellidal et al. (2004; 2005; 2006; 2007 b; 2008), som brann virvlane i totalt 13 timar (115 °C i 0,5 t, 540 °C i 5 t, og 750 °C i 8 t). Den kortare varianten vart brukt for at virvlane skulle kunne brennast over natt, og vegast neste arbeidsdag. Etter metoden til Kacem et al. (2000) vart det antatt at seks timar ved 750 °C var nok til å få ein fullstendig forbrenning av det organiske materialet. Det organiske materialet i bein vert omgjort til gass ved temperaturar mellom 200-600 °C (Mkukuma et al., 2004). Ved temperaturar over 550 °C vil òg karbonatdelen i mineralkrystalla forsvinne og berre etterlate beinsalt av OH-apatitt og/eller β -trikalsiumfosfat (Biltz et al., 1981). Kva av dei tre nemde brenningsprogramma ein vel å bruke, har difor sannsynlegvis ingen ting å sei for sluttvekta.

4.1.5 Måling av kalsium og fosfat i virvlar

For å løyse opp mineralkrystalla og få prøvematerialet i væskeform vart virvlane løyst i salpetersyre. Etter anbefaling frå Frank Huang i BioAssay systems (Hayward i California), produsenten av reagenskitta som vart brukt i kalsium- og fosfatmålingane, vart løysningane pH justert til mellom 6 og 7. Dette vart gjort med 0,3 M natriumhydroksid. Dessverre var det svært vanskeleg å få den ønska surleiksgraden i alle prøvane, då beinminerala verka inn på pH. I nokre prøvar vart løysninga basisk, noko som førte til mineralutfellingar. Prøvane med synleg utfelling måtte kastast. I staden for å prøve å justere pH'en til mellom 6 og 7 burde prøvane berre ha blitt tilsett nok natriumhydroksid til å komme innafor bufferkapasiteten til reagenskitta.

Den spektrofotometriske metoden som vart valt for målingane, vart bestemt ut frå arbeidsmengd ved analysen og tilgjengelege analyseinstrument på laboratoriet. Linjeariteten til standardkurva, presisjonen ved målingane og inkuberingsstida vart sjekka før analysering. Kalsium- og fosforresultat frå ein testkøyring vart òg funne til å stemme godt overeins med tidlegare funn frå laksevirvlar (Graff et al., 2002).

4.1.6 Måling av kalsium og fosfat i blodprøvar

Då det var planar om å analysere alkalisk fosfatase i dei same blodprøvane som vart brukt til kalsium og fosfatanalysering, vart prøvane sentrifugert og separert innan 4 timar. Dette er etter retningslinjene for klinisk kjemisk laboratorium ved Haukeland sjukehus. Mange av blodprøvane vart dessverre ganske viskøse, noko som kan ha påverka presisjonen ved pipetteringa. Det er mogleg blodprøvane vart separert for tidleg, då retningslinjene frå laboratoriet på Haukeland er laga for menneskeblod og ikkje fiskeblod. Eventuell unøyaktig pipettering var sannsynlegvis den største kjelda til usikkerheit i serumanalysane. For å unngå viskøse prøvar kunne ein brukt heparinplasma i staden for serum. Serum vart like fullt vurdert til å gje riktigast resultat, då heparintilsetjing i plasmaprøvane

kan gje ulik fortytning etter kor mykje blod ein får ut av kvar fisk. For å minimere pipetteringsfeil vart alle prøvane målt i to brønner og analysert på nytt att dersom prosentavviket mellom målingane var for stort. Målepresisjonen vart dermed vurdert til å vere akseptable, sjølv om ein del prøvar var viskøse.

Ut frå at det ikkje er nødvendig å faste før analysering av verken alkalisk fosfatase, kalsium eller fosfat hjå menneskje (Stakkestad & Åsberg, 2000), vart det bestemt at det ikkje var nødvendig å faste fisken før prøvetaking. Dette kan ha vert ein feilaktig oppfatning, då det er funne store variasjonar i fosfornivået i fiskeblod over tid (4 - 24 timar) etter fôring (Vielma & Lall, 1998). I vårt forsøk vart fisken i forsøket fôra jamt gjennom heile døgeret, ca kvar halvtime. Det vil difor aldri vere lang tid mellom forrige fôring og prøvetakinga i nokon av kara. Tidsrommet frå fôring har difor sannsynlegvis kun gitt mindre variasjonar i fosfornivået.

4.1.7 Deformasjonsundersøking, måling av lengd/diameterforhold og intervertebralrom

Undersøkinga av ytre teikn på virveldeformasjonar vart utført ved hjelp av palpering og dei radiologiske undersøkingane av virveldeformasjonar ved hjelp av visuell gransking. Grensa for kva som vart kategorisert som deformert og normalt vil difor i nokon grad vere subjektivt. For å unngå at resultatata vart influert av forventta deformasjonsfordeling, vart difor analyseringa utført slik at ein ikkje visste kva behandling fiskane hadde fått under eksaminasjonen.

Ved gransking av røntgenbileta kunne overgangen frå normale til komprimerte virvlar vere glidande, og det kunne somme tider vere vanskeleg å vurdere om ein virvel skulle klassifiserast som deformert eller ikkje. For å få eit sikrere og mindre subjektivt mål på kor komprimerte virvlane frå ferskvassfasen og den tidlege sjøvassfasen var, vart difor L/D-forholdet over heile virvelsøyla målt. Usikkerheita i desse målingane bestod helst i at det kunne vere vanskeleg å bedømme kvar virvlane slutta i dårleg mineraliserte endeplater. Dette var òg det største problemet ved målinga av intervertebralromma. Ved måling av intervertebralromma vart det funne signifikante korrelasjonar mellom storleiken på intervertebralromma og mineralinnhaldet i virvlane. Dette kan moglegvis tyde på at det var tjukt osteoid (ikkje-mineralisert nydeponert beinmatriks) i gruppene som såg ut til å ha store intervertebralrom. Då umineralisert osteoid ikkje vil vere synleg på røntgenbileta, kan dette ha gitt inntrykk av større intervertebralrom og mindre virvellengd enn kva som faktisk var tilfelle. Då kvar fisk hadde mellom 58-60 virvlar, var arbeidet med å måle L/D-forholdet svært tidkrevjande. Frå sluttuttaket vart L/D-forholdet difor berre målt i virvel nr 40-43, som er dei same virvlane som vart valt til mineralanalysane tidlegare i forsøket.

4.2 Resultatdiskusjon

4.2.1 Vasstemperaturen påverka veksten i ferskvatn, men ikkje i tidleg sjøvassfase

Høge vasstemperaturar i ferskvatn har syna å auke veksthastigheita til atlantehavslaks (e.g. Johnston & Saunders, 1981, Dwyer & Piper, 1987, Austreng et al., 1987, Handeland et al., 2004), medan vaksinerings har vist seg å gi redusert appetitt den første perioden etter vaksinerings (Sørum & Damsgård, 2004). I samsvar med dette hadde fisk som vart haldt på høg temperatur i ferskvassfasen signifikant hurtigare lengdevekst og vektauke enn fisk som vart haldt på lågare temperatur, og vaksinert fisk hadde signifikant redusert vekst i forhold til uvaksinert fisk. Vektauken i ferskvassperioden var gjennomsnittleg 1,3 % dag⁻¹ og 1,1 % dag⁻¹ for høvesvis uvaksinert og vaksinert fisk som vart haldt på 10 °C, og 1,9 % dag⁻¹ og 1,8 % dag⁻¹ for uvaksinert og vaksinert fisk som vart haldt på 16 °C. I tidlegare forsøk har haustsmolt hatt ein vektauke på mellom 0,9 – 1,5 % dag⁻¹ dei siste vekene før sjøvassoverføring (Graff et al., 2002, Bæverfjord et al., 1998, Fjellidal et al., 2006, 2007 b). I ferskvassperioden hadde dermed parr som vart haldt på 10 °C ein veksthastigheit som er innafor det som er vanleg dei siste vekene før sjøvassoverføring, medan fisk som vart haldt på 16 °C hadde hurtigare vektauke enn vanleg. Mellom tolv veker før og seks veker før sjøvassoverføring er det ikkje desto mindre funne vektaukar opp mot 1,9 % dag⁻¹ hjå hurtigveksande individ (Fjellidal et al., 2007 b).

Atlantehavslaks som vert oppdretta ved naturlege forhold i sjøvassperioden har sesongvariasjonar i appetitt og vekst (Smith et al., 1993, Forsberg, 1995). Fotoperiode og temperatur vart tidleg fastslått som viktige signal i styringa av vekst (Brett, 1979). I temperaturforsøk utført på smolt i sjøvassperioden vart det vist at veksthastigheita til atlantehavslaks auka med stigande temperaturar, opp til ca 14 °C (Austreng et al., 1987, Handeland et al., 2000; 2008). I dette forsøket hadde derimot fisk haldt ved 10 °C og 16 °C lik vektauke og nesten lik lengdevekst i sjøvassperioden. Dette kan moglegvis vere fordi effekten av kontinuerlig lys overstyrte effekten av ulike vasstemperaturar. Fleire seinare forsøk har gitt resultat som indikerer at fotoperiode er eit viktigare signal enn temperatur for å styre sesongvariasjonar i appetitt og vektauke hos atlantehavslaks (Smith et al., 1993, Forsberg et al., 1995, Nordgarden et al., 2003). Det er til dømes blitt demonstrert at postsmolt som vert oppdretta med naturleg lys, har redusert vekst i vinterperioden sjølv om dei vert haldt på konstante temperaturar (Forsberg, 1995). Nordgarden et al. (2003), viste at postsmolt som vart gitt kontinuerleg lys eller simulert naturleg lys med aukande daglengd (8 – 24 t), hadde aukande veksthastigheit sjølv om vasstemperaturane sank frå ca 15 °C til 8 °C. Eventuelt kan det hende at 16 °C var over den optimale temperaturen for vekst i den tidlege sjøvassfasen. I eit forsøk med haustsmolt auka vektauken i dei første 12 vekene etter sjøvassoverføring med aukande

temperaturar frå 6 °C til 14 °C , men sank deretter frå 1,5 % dag⁻¹ til 1,3 % dag⁻¹ frå 14 °C til 18 °C (Handeland et al., 2008). På den andre sida stemmer vektauken i vårt forsøk (gjennomsnittleg 1,5 % dag⁻¹) best med fisken som hadde hurtigast vekst. I tidlegare forsøk har haustsmolt syna ein vektauke på mellom 1,2 og 2,3 % dag⁻¹ dei første 6 til 11 første vekene etter sjøvassoverføring (Oppedal et al., 1999, Graff et al., 2002, Fjellidal et al. 2006; 2007). Veksthastigheita i den tidlege sjøvassfasen ligg dermed innafor kva som er vanleg for haustsmolt i denne perioden. I forhold til kva ein derimot finn hjå vårsmolt, var veksthastigheitene i dette forsøket svært høgt både under smoltifiseringa og i den tidlege sjøvassfasen. Fjellidal et al. (2006) ein vektauke på 0,4 % dag⁻¹ dei siste seks vekene før sjøvassoverføring, og ca 0,2 % dag⁻¹ dei første seks vekene etter sjøvassoverføring hjå vårsmolt.

Kondisjonsfaktoren såg ikkje ut til å ha forandra seg mykje mellom seks veker før sjøvassoverføring og sjøvassoverføring, bortsett frå at den sank ein del hjå dei to dei to gruppene med hurtigast vekst. Laks synar ofte ein nedgang i kondisjonsfaktoren dei siste vekene før sjøvassoverføring (Berg et al., 2006 a, Fjellidal et al., 2006; 2007 b), noko som gjenspeglar den auka feittforbrenninga og lengdeveksten ved smoltifiseringa (Hoar, 1988). Ved sjøvassoverføring var det ingen klar fordeling i kondisjonsfaktoren mellom verken vaksinert og uvaksinert fisk eller mellom temperaturregima. Dei gjennomsnittlege kondisjonsfaktorane varierte mellom 1,18 og 1,21. Dette stemmer godt overeins med resultat frå tidlegare forsøk, der både haustsmolt og vårsmolt har hatt ein kondisjonsfaktor på rundt 1,2 ved sjøvassoverføring (Fjellidal et al., 2006; 2007 b, Berg et al., 2006 a). Etter sjøvassoverføringa har ein i tidlegare forsøk sett at kondisjonsfaktoren enten søkk vidare eller flatar ut (Berg et al., 2006 a, Fjellidal et al., 2006; 2007 b). Dette såg ein òg i dette forsøket, bortsett frå hos vaksinert fisk i 16-16 temperaturregimet. Kondisjonsfaktoren til desse fiskane auka etter sjøvassoverføringa, og etter seks veker i saltvatn hadde dei utvikla signifikant høgare kondisjonsfaktor enn både vaksinert og uvaksinert fisk i alle temperaturregima. Dette er interessant fordi det er funne ein signifikant korrelasjon mellom høg kondisjonsfaktor og høgt innslag av samantrykte virvlar (Berg et al., 2006 a).

4.2.2 Mineralinnhaldet sank gjennom heile den eksperimentelle perioden, spesielt i den tidlege sjøvassfasen

Ved sjøvassoverføring hadde fisk som vart haldt ved høg vassstemperatur, og hadde hatt hurtigast vekst, utvikla lågast mineralinnhald i virvlane. Medan mineralvektauken (% dag⁻¹) var omtrent halvannan gong større hjå fisk haldt på 16 °C enn hjå fisk haldt på 10 °C, var proteinvektauken nesten dobbelt så stor. Dette stemmer godt overeins med hypotesen om at hurtig vekst påverkar mineralisering av bein ved at tidsforskyving mellom proteinavsetjing og mineralisering i virvlar aukar (Fjellidal et al., 2006).

Mineralinnhaldet sank mellom 10 % og 15 % hjå både vaksinert og uvaksinert fisk i alle temperaturregima frå sjøvassoverføring til seks veker etter sjøvassoverføring. Tidlegare studium har syna at både villaks, vårsmolt og haustsmolt har ein nedgang i mineralinnhaldet i virvlane dei første vekene etter sjøvassoverføring, men at nedgangen er størst hjå haustsmolt. Det har òg blitt vist at mineralinnhaldet varierer over ryggsøyla, og at reduksjonen etter sjøvassoverføringa er tydelegast i dei fremre halevirvlane (Fjellidal et al., 2006). Fjellidal et al. (2006) fann ein nedgang i mineralinnhaldet i fremre haleregion (avfeitta i heksanbad) på 8 % frå sjøvassoverføring til tolv veker etter sjøvassoverføring. Kvifor nedgangen i mineralinnhaldet var så mykje større i det gjeldande forsøket er ikkje klart. Det kan ikkje forklarast med hurtigare vekst, då forskjellen i vektauken berre var ca 0,1 % dag⁻¹. Det er mogleg at mineralinnhaldet i forsøket til Fjellidal et al. (2006) auka mellom seks og tolv veker etter sjøvassoverføring, då fiskane hadde ein kraftig nedgang i veksthastigheita i denne perioden. Fleire forsøk har vist at mineralinnhald i virvlar kan auke igjen over tid (Bæverfjord et al., 1998, Fjellidal et al., 2008). Berre eitt anna forsøk, eit diettforsøk, har brukt same avfettingsmetode og same virvlar som dette forsøket. Mineralinnhaldet vart der målt til å vere høvesvis 49 % åtte veker etter sjøvassoverføring og 55 % sytten veker etter sjøvassoverføring hjå fisk fôra med normalt kommersielt fôr, og høvesvis 56 % åtte veker etter sjøvassoverføring og 57 % sytten veker etter sjøvassoverføring hjå fisk fôra med fôr tilsett ekstra mineral (Fjellidal et al., 2008). I dette forsøket vart mineralinnhaldet målt til å ligge mellom 36 % og 43 % seks veker etter sjøvassoverføring. Ut frå dette må mineralinnhaldet hjå både vaksinert og uvaksinert fisk i alle temperaturregima vurderast som lågt. Mineralinnhaldet var like fullt ikkje tilfeldig spreidd over dette området, men hadde delt seg i to klare grupper. Bortsett frå to grupper som avvika frå trenden, var fordelinga slik at dei som hadde hatt høgast temperatur og hurtigast vekst i ferskvassperioden hadde utvikla lågast mineralinnhald. Dei to avvikande gruppene var vaksinert fisk i 16-16 temperaturgruppa, og uvaksinert fisk i 10-16 temperaturgruppa. Dei vaksinerte fiskane i 16-16 temperaturgruppa hadde utvikla signifikant høgare mineralinnhald i virvlane enn dei andre gruppene som var blitt haldt på 16 °C i ferskvassperioden, og dei uvaksinerte fiskane i 10-16 temperaturgruppa hadde utvikla signifikant lågare mineralinnhald enn dei andre gruppene på 10 °C i ferskvatn. I begge desse gruppene kunne ein sjå ein tendens til avvikande karakter i kondisjonsfaktoren. Samstundes med den kraftige nedgangen i mineralinnhaldet til dei uvaksinerte fiskane i 10-16 temperaturgruppa, såg kondisjonsfaktoren til denne gruppa ut til å søkkje meir enn i dei andre gruppene. Det var òg ein svak, ikkje-signifikant tendens til at lengdeveksten til denne gruppa var høgare i sjøvassfasen enn dei andre gruppene som vart haldt på 10 °C i ferskvatn. Dette kan tyde på at hurtigare virvelvekst, moglegvis i kombinasjon med mindre fôrintak, førte til større tidsforskjell mellom proteinavsetjing og mineraliseringa av virvlane i denne gruppa. Resultata frå mineralvektauken og proteinvektauken styrkar denne teorien. Medan mineralvektauken var samanfallande med gruppene som hadde hatt 10 °C i ferskvatn, var det

eit tildriv til at proteinvektauken var høgast hjå uvaksinert fisk i 10-16 temperaturregime blant desse gruppene. Hjå dei vaksinerte fiskane i 16-16 temperaturgruppa, skjedde avviket frå trenden i mineralinnhaldet samstundes med ein kraftig auke i kondisjonsfaktoren. Den høge kondisjonsfaktoren såg ut til å vere ein følgje av mindre lengdevekst i sjøvassperioden. Dette stemmer overeins med at tidsforskyvinga mellom mineralisering og proteinavsettinga vert mindre i periodar med saktare lengdevekst, men den relativt svake reduksjonen i mineralinnhaldet såg ikkje ut til å vere eit resultat av seinare proteintilvekst. Derimot vitna analyseresultata om at endringane i mineralinnhaldet var ein konsekvens av at mineralvekt-auken ikkje sank like mykje som i dei andre hurtigveksande gruppene frå ferskvassperioden.

Eit aspekt som har vist seg å kunne påverke mineralinnhaldet i skjelettet til atlantehavslaks er vaksinering. I fleire forsøk har ein sett at mineralinnhaldet i virvlane er høgare hjå vaksinert fisk enn uvaksinert (Berg et al., 2006 b). Berg et al. (2006 a) fann at parr som vart vaksinert tidleg i ferskvassperioden, og hadde høgare vasstemperaturar etter vaksineringa og mindre storleik, utvikla meir biverknadar og fekk høgare kondisjonsfaktor enn parr som vart vaksinert seinare. Det er dermed mogleg at vaksineringa i kombinasjon med den høge vasstemperatur i 16-16 temperaturgruppa kan ha ført til høgare mineralinnhald i denne gruppa. Korleis vaksinering påverkar virvelvekst og virvelstruktur er ikkje kjent. Berg et al. (2006 b) foreslo at det t.d. kunne vere gjennom påverknad av metabolismen eller gjennom hormonell regulering. På kva måte veksten i saltvassperioden påverka mineraliseringa av virvlane er òg uvisst, då det var svært små forskjellar i veksthastigheita mellom dei ulike gruppene i denne perioden. I den overståande diskusjonen vart det difor tatt utgangspunkt i veksten i ferskvassperioden. Like fullt var det ein tendens til at gruppene som hadde utvikla lågast mineralinnhald seks veker etter sjøvassoverføring hadde størst lengdevekst i saltvassperioden. Tidlegare er det blitt vist at postsmolt oppdretta ved kontinuerleg lys vaks fortare og utvikla lågare mineralinnhald i ryggvirvlar enn postsmolt oppdretta ved naturleg lys (Fjelldal et al., 2005).

Sjølv om det vart funne signifikante forskjellar i det totale mineralinnhaldet i virvlar mellom behandlingane, vart det ikkje funne nokon signifikant forskjell i det prosentvise kalsiuminnhaldet (% av mineralvekt), det prosentvise fosforinnhaldet, eller det molare Ca/P-forholdet i virvlane. Dette betyr at vekst, vaksinering og vasstemperaturar ikkje påverka mineralbalansen i virvlane i signifikant grad i løpet av forsøksperioden. Fleire fôrforsøk har gitt resultat som indikerer at mangel på kalsium kan redusere avsetning av fosfor i bein og vise versa. I forsøk med atlantehavslaks i ferskvassperioden fann Helland et al. (2005) at lågare fosforinnhald i fôr over 30 døger berre redusert det molare Ca/P-forholdet med 0,01 hjå små parr, høvesvis 1,27 for fisken som fekk fosforredusert

fôr og 1,28 for fiskane som fekk fôr med høgt fosforinnhald. Fjellidal et al. (2008) fann ingen signifikant forskjell i det molare Ca/P-forholdet, som var rundt 1,40, hjå atlantehavslaks fôra med normalt fôr og fôr med høgt mineralinnhald i den tidlege sjøvassfasen. Nokre forsøk har likevel gitt resultat som indikerer at kalsium kan stå for ein større del av mineralinnhaldet i virvlane i tilfeller med svært redusert innhald av fosfor i dietten. Bæverfjord et al. (1998) fann eit molart Ca/P forhold på 1,41 hjå atlantehavslaks fôra med svært fosforredusert fôr over 15 veker i sjøvattn og 1,36 hjå laks fôra med normalt fôr. Det gjennomsnittlege molare Ca/P-forholdet i dette forsøket var 1,46 (SD ± 0,09), og endra seg ikkje over forsøksperioden. Dette forholdet stemmer godt overeins med det forholdet Fjellidal et al. (2008) fann i den tidlege sjøvassfasen og det Bæverfjord et al. (1998) fekk hjå sine postsmolt fôra med normal fosformengde, men var mykje høgare enn kva Helland et al. (2005) fann hjå sine parr. Ikkje desto mindre er det funne aldersrelaterte forskjellar i Ca/P-forholdet (Graff et al., 2002). Graff et al. (2002) fann eit molart Ca/P-forhold på ca 1,25 i ferskvattn og ca 1,79 i tidleg sjøvassfase. Fjellidal et al. (2008) fann molare Ca/P-forhold på 1,40 i tidleg sjøvassfase, medan Fjellidal et al. (2004) fann molare Ca/P-forhold på 1,75 hos 3 år gamal laks.

Det er ein utbreidd oppfatting om at mineralkrystalla i bein består av ein urein og komplisert form for hydroksoapatitt (Hamada et al., 1995, Mkukuma et al., 2004). Ved oppvarming til svært høg temperatur, vil mineralkrystalla bli brote ned til ulike mengder hydroksoapatitt ($\text{Ca}^{2+}_{10}(\text{PO}_4^{3-})_6(\text{OH})_2$) og β -trikalsiumfosfat ($\text{Ca}_3(\text{PO}_4)_2$) etter kor kalsiumrikt vevet er. Det molare Ca/P-forholdet til β -trikalsiumfosfat, som er assosiert med kalsiumfattig bein, er 1,50. Hydroksoapatitt, som derimot er knytt til kalsiumrikt bein, har eit Ca/P-forhold på 1,67. I havbrasme, hestemakrell, karpesisk og hai er det funne molare kalsium/fosfor-forhold som stemmer overeins med hydroksoapatitt, medan i ein del andre fiskeartar, som t.d. sardin, makrell, ål og flyndre, er det blitt funne kalsium/fosfor-forholdet som samsvarar med ei blanding av hydroksoapatitt og β -trikalsiumfosfat (Hamada et al 1995). Dei molare Ca/P-forholda i dette forsøket ligg nært opp til forholdet til β -trikalsiumfosfat, og indikerer dermed at virvlane var kalsiumfattige.

Samstundes med at mineralinnhaldet i virvlane sank frå seks veker før sjøvassoverføring til seks veker etter sjøvassoverføring, var det ein kraftig reduksjon i serumkonsentrasjonen av fosfat frå seks veker før sjøvassoverføring til tre veker etter sjøvassoverføring. Nokre av temperaturregima (16-10 og 16-16) hadde omtrent ein halvering i serumkonsentrasjonane av fosfat. Fleire diettforsøk har vist at plasmakonsentrasjonar av kalsium og fosfat er eit godt mål på mineralstatusen til individet, og reflekterer variasjonar i mineralkonsentrasjonar i dietten (Vielma & Lall, 1998, Roy & Lall, 2003, Fjellidal et al., 2008). Mot sjøvassoverføring kunne ein sjå ein todeling i serumkonsentrasjonane av

fosfat, der det var eit tildriv til at fisk haldt ved 16 °C i ferskvassperioden hadde lågare konsentrasjon enn fisk haldt ved 10 °C. Denne tendensen kunne ein òg sjå i svakare grad tre veker før sjøvassoverføring og tre veker etter sjøvassoverføring. Medan den kraftige nedgangen i fosfatkonsentrasjonen i serum fram mot tre veker etter sjøvassoverføring gjenspeglar reduksjonen i mineralinnhaldet i virvlane og tydar på at fosfortilgangen frå dietten ved smoltifisering og dei tre første vekene etter sjøvassoverføring var for låg hjå alle temperaturregima, indikerer todelinga mellom temperaturregima at hurtig vekst forverra mineralstatusen. Mineralmengda i fôret som trengs for maksimal vekst har vist seg å vere lågare enn den mengda som trengs for maksimal mineralisering av skjelettet (Bæverfjord et al., 1998). Fjellidal et al. (2008) fann at å tilføre ekstra fosfor i fôret i den tidlege sjøvassvasen forbetra virvelmineralinnhaldet kraftig hjå haustsmolt. Det er òg funne signifikante forskjellar i mineralinnhaldet i virvlar hjå smolt fôra med ulike mengder fosfor i ferskvassfasen (Vielma & Lall, 1998). Frå tre veker etter sjøvassoverføring til seks veker etter sjøvassoverføring steig fosfatkonsentrasjonen i serum igjen hjå nesten alle temperaturregima. Det er dermed mogleg at mineralinnhaldet i virvlane ville syna ein auke dersom ein hadde tatt nye prøvar eit par veker seinare. Det er òg mogleg at auken i fosfatkonsentrasjonen mellom tre og seks veker etter sjøvassoverføring ikkje gjenspeglar auka opptak frå dietten, men igangsetjing av homeostatiske mekanismar som t.d. auka beinremodellering. Bæverfjord et al. (1998) fann resultat som indikerte at atlantehavslaksen har homeostatiske mekanismar for fosforregulering, og at mineralisering av skjelettet vart ofra for andre viktige metabolske roller. Studium av mineralisert og umineralisert bein, og mengd av osteoblastar og osteoklastar har tyda på at fosformangel hjå hyse (*Melanogrammus aeglefinus* L.) fører til ein auke i beinreabsorpsjon (Roy et al., 2002). Fjellidal et al. (2006) fann høgare fosfatkonsentrasjonar i plasma hjå haustsmolt enn hjå vårsmolt, noko som enten kan indikere at det var den hurtige veksten og ikkje tilgangen på fosfor frå dietten som førte til dårleg virvelmineralinnhald hjå haustsmolt, eller at haustsmolten hadde auka beinremodellering. I motsetning til fosfatkonsentrasjonane i serum, syna ikkje kalsiumkonsentrasjonane nokon spesiell reduksjon over tid, men varierte heller frå prøveuttak til prøveuttak. Tre veker før sjøvassoverføring hadde likevel fisk som vart haldt på 16 °C, og hadde hurtigast vekst, signifikant lågare kalsiumkonsentrasjon enn fisk haldt ved 10 °C. Dette kan tyde på at kalsium kan ha vore ein avgrensande faktor i mineraliseringa av virvlar i ferskvassperioden, då kalsiumkonsentrasjonen i vatnet er låg. Vielma og Lall (1998) fann at ekstra kalsium i fôret til smoltifiserande atlantehavslaks i ferskvatn auka mineralinnhaldet i skjell og ryggvirvlar når tilgangen på fosfor var låg. Sidan ingen andre hadde funne denne effekten av kalsium i tidlegare forsøk, vart det foreslått at atlantehavslaksen kunne ha spesielle kalsiumbehov under smoltifiseringa. Ved dei andre uttaka var det ingen klar samanheng mellom kalsiumkonsentrasjonen og behandlinga fiskane hadde fått, noko som saman med dei varierende nivåa av kalsium frå prøveuttak til prøveuttak tyder på liten tilgang

på fosfor var eit større problem enn mangel på kalsium. Dette stemmer òg overeins med at laks kan ta opp kalsium både gjennom fôret og direkte frå vatnet, medan fosfor hovudsakleg må takast opp gjennom fôret (Lall & Lewis-McCrea, 2007).

4.2.3 Store intervertebralrom og små lengd/diameterforhold i virvlane korrelerte med dårleg mineraliserte virvlar

Ved røntgenundersøking av fisk i dette forsøket vart det observert overraskande store intervertebralrom (som % lengd av total ryggstøylelengd). Seks veker før sjøvassoverføringa såg intervertebralromma stort sett normale ut. Utover i forsøket vart derimot intervertebralromma større og større, og seks veker etter sjøvassoverføring var intervertebralromma somme plassar like store eller større enn dei tilstøytande ryggvirvlane. Storleiken på intervertebralromma auka mest i fremre haleregion, og det var òg i denne regionen at forskjellane i intervertebralromma var tydelegast. Ved sjøvassoverføring hadde laks oppdretta ved 16 °C i ferskvatn utvikla større intervertebralrom enn laks oppdretta ved 10 °C, medan seks veker etter sjøvassoverføring var det tendensar til at laks oppdretta ved 16 °C i ferskvassfasen, og i mindre grad laks oppdretta ved 16 °C i den tidlege sjøvassfasen hadde større intervertebralrom enn laks oppdretta ved 10 °C i heile karperioden. I tillegg var det tendensar til at uvaksinert fisk hadde større intervertebralrom enn vaksinert fisk. Både ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring var det òg ganske tydelege tendensar til at storleiken på intervertebralromma varierte med mineralinnhaldet i virvlane, slik at dei med lågast mineralinnhald hadde størst intervertebralrom. Pearsons korrelasjon syna at høvesvis 40 og 63 % av variasjonen i intervertebralromma kunne forklarast ved variasjon i mineralinnhald ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Som diskutert i metodediskusjonen, er det er dermed mogleg at dei store intervertebralromma eigentleg var umineralisert osteoid, noko som ikkje ville synast som bein på røntgenbileta. Dei store intervertebralromma kan òg moglegvis vere eit resultat av inflammasjon i intervertebralvevet. Kvellestad et al. (2000) fann inflammatoriske celler i intervertebralrommet rundt mange forkorta virvlar. På grunnlag av dette, og at kompresjonsendingane ofte er lokalisert på motståande endeplater, foreslo dei at forkorting av ryggstøyle hjå atlantehavslaks starta med ein inflammasjon i intervertebralvevet. Sullivan et al. (2007 a) fann òg forstørtra intervertebralrom hjå både parr og postsmolt. Dette vart derimot berre observert i naboposisjonar til deformerte virvlar, og var ikkje eit jamt fordelt femomen som i det gjeldande forsøket. Alternativt kan dei store intervertebralromma moglegvis vere ein kompensasjon for dårleg mekanisk styrke i virvlane. Tidlegare er det funne signifikant korrelasjon mellom mineralinnhald i virvlar og mekanisk styrke i virvlane (Fjellidal et al., 2006). Intervertebralvevet fungerer som støytputer mellom virvlane (Kryvi & Totland, 1997) og det er mogleg at dette vevet veks for å hindre skader på dårleg mineraliserte virvlar. 42 veker etter

sjøvassoverføring vart det ikkje målt mineralinnhald i virvlane, men det var tendensar til at fisk oppdretta ved 16 °C enten i ferskvassfasen eller den tidlege sjøvassfasen hadde større intervertebralrom enn laks oppdretta ved 10 °C. Ut frå dette kan ein spekulere i om individ oppdretta ved 10 °C i heile karperioden var betre rusta til å få opp mineralinnhaldet i virvlane igjen over tid, eller om kanskje høg temperatur induserte inflammasjonar som gav vedvarande endringar i intervertebralvevet.

Ved sjøvassoverføring var det ein tendens til at fisk oppdretta ved 16 °C i ferskvatn hadde utvikla lågare lengd/diameterforhold i virvlane enn fisk oppdretta ved 10 °C, spesielt i fremre og bakre haleregion. Dette samsvarar med at desse fiskane hadde hatt hurtigast vekst, og at fremre og bakre haleregion har syna hurtigast vekst ved smoltifisering og tidleg sjøvassfase (Fjelldal et al., 2006). Lengd/diameterforholda samsvarte òg med at fisk som vart oppdretta ved 16 °C og hadde minst lengd/diameterforhold i virvlane, hadde minst mineralinnhald og størst mellomrom mellom virvlane. Dette kan som diskutert i metodediskusjonen moglegvis vere eit resultat av meir umineralisert osteoid hjå desse individa, slik at virvellengda såg mindre ut enn kva den faktisk var. Seks veker etter sjøvassoverføring hadde vaksinasjon gitt svært liten effekt på lengd/diameterforholdet, men det var tendensar til at spesielt uvaksinert fisk oppdretta ved 10 °C i heile karperioden hadde høgare lengd/diameterforhold enn fisk oppdretta ved 16 °C enten i ferskvassfasen eller i tidleg sjøvassfase. Sjølv om dette (10-10U) var fiskane som hadde minst intervertebralrom ved dette tidspunktet, var det ikkje noko tydeleg samsvar mellom lengd/diameterresultata og intervertebralromresultata hjå resten av temperaturregima. Både ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring vart det funne signifikante korrelasjonar mellom mineralinnhaldet i virvlane og lengd/diameterforholdet, men korrelasjonen var tydeligast ved sjøvassoverføring. Signifikant korrelasjon mellom mineralinnhald og lengd/diameterforhold i virvlar har jamvel blitt syna hjå haustsmolt oppdretta under like miljøforhold (Fjelldal et al., 2007 b). Fjelldal et al. (2008) fann låge lengd/diameterforhold i virvlar ved eit tidspunkt med lågt mineralinnhald i virvlane, som normaliserte seg i somme regionar av virvelsøyla når mineralinnhaldet forbetra seg. Ut frå dette vart det foreslått at dei låge lengd/diameterforholda var ein normal kompensasjon som stabiliserte virvlane og hindra framtidig kompresjonsdanning ved tilhøve med lågt mineralinnhald. Kvifor lengd/diameterforholdet korrelerte mindre med mineralinnhaldet seks veker før sjøvassoverføring enn ved sjøvassoverføring er uvisst. Det er mogleg at den svake tendensen til at både fisk oppdretta ved 16 °C i ferskvassperioden og/eller i den tidlege saltvassperioden hadde lågare lengd/diameterforhold i dei fremre halevirvlane enn fisk som vart haldt på 10 °C heile tida, gjenspegla både kompensasjon for dårleg mineralinnhald i virvlar oppdretta ved 16 °C i ferskvatn, og byrjande kompresjonsdanning hjå fisk oppdretta ved 16 °C i den tidlege sjøvassperioden. Tildrivet til at fisk oppdretta ved 10 °C i heile karperioden hadde høgare

lengd/diameterforhold enn fisk frå dei andre temperaturregima, kom tydeleg fram 42 veker etter sjøvassoverføring. Ved dette tidspunktet vart lengd/diameterforholdet berre målt frå virvel nr 40-43, men fisk oppdretta ved 16 °C i enten ferskvassfasen eller den tidlege sjøvassfasen hadde signifikant lågare lengd/diameterforhold (og tildriv til større intervertebralrom) enn fisk frå 10-10 temperaturregimet. Dette styrkar forslaget om at fisk oppdretta ved 10 °C klarte å forbetre mineralinnhaldet i virvlane betre enn dei andre temperaturregima etter at dei vart overført til merd.

4.2.4 Temperaturregime var viktigare enn vaksinasjon på deformasjonsdanninga i virvlar

I dette forsøket vart det funne kompresjonar, dislokasjonar og kombinasjonar av ankyloser og kompresjonar.

Innslaget av radiologisk sett deformert fisk, som var høvesvis 23,0 % seks veker før sjøvassoverføring, 16,8 % ved sjøvassoverføring og 20,7 % seks veker etter sjøvassoverføring, auka ikkje frå forsøksstart til seks veker etter sjøvassoverføring. Det var heller ingen signifikante forskjellar mellom vaksinert og uvaksinert fisk, og mellom temperaturregima. Dette kan tyde på at deformasjonane som vart observert seks veker etter sjøvassoverføringa hadde oppstått før forsøksstart. Fjellidal et al. (2008) fann ein prevalens av deformert fisk på 15,6 % ved sjøvassoverføring og ca 24 % åtte veker etter sjøvassoverføring. I eit forsøk der innslaget av deformerte virvlar vart notert i staden for innslaget av deformert fisk, vart det funne ein prevalens på 1,5 % deformerte virvlar ved sjøvassoverføring og 2,5 % tolv veker etter sjøvassoverføring (Fjellidal et al., 2006). I dette forsøket var frekvensen av deformerte virvlar høvesvis 0,90 %, 0,76 % og 0,98 % ved forsøksstart, sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring. Deformasjonsinnslaga stemmer dermed godt med tidlegare funn hjå haustsmolt. I forhold til kva ein finn hjå laks oppdretta som vårsolt, er innslaget derimot høgt. I parrstadiet er det funne ein prevalens av deformert fisk på 7 % i forsøk der virvlane vart analysert etter same kriterium som i dette forsøket (Fjellidal et al., 2007 a), og mellom 3,8 - 8,8 % (Sullivan et al., 2007 a) og 6 - 20 % (Sullivan et al., 2007 b) i studium som har inkludert demineraliserte og hypermineraliserte virvlar som deformerte.

Fleire tidlegare forsøk har vist at deformerte virvlar ofte vert meir deformerte over tid (Witten et al., 2006, Fjellidal et al., 2007 a). I eit forsøk med individmerka atlantehavslaks vart det funne at komprimerte virvlar enten vart meir komprimerte over tid eller utvikla seg til ankyloser (Fjellidal et al., 2007 a). Ved sjøvassoverføring og seks veker etter sjøvassoverføring var ein del av deformasjonane ankyloser, medan alle deformasjonane var kompresjonar ved forsøksstart. Det er difor rimeleg å anta at ein del av kompresjonane ved forsøksstart utvikla seg til ankyloser over tid.

